




**Vang kommune**

**ØKONOMIPLAN 2020-2023**

**ÅRSBUDSJETT 2020**

*Rådmannen sitt forslag, 28. november 2019*

# Innhold



|                                                                    |    |
|--------------------------------------------------------------------|----|
| <b>FØREORD</b>                                                     | 4  |
| <b>1 Rammevilkår og budsjettføresetnader</b>                       | 5  |
| <b>2 Statsbudsjettet 2020</b>                                      | 5  |
| <b>3 Lokale budsjettføresetnader</b>                               | 7  |
| <b>4 Overordna mål:</b>                                            | 7  |
| 4.1 Økonomiske mål:                                                | 7  |
| <b>5 POLITISK STYRING, ADMINISTRASJON OG FELLESFUNKSJONAR</b>      | 8  |
| 5.1 Politisk styring                                               | 8  |
| 5.2 Kontroll og revisjon                                           | 9  |
| 5.3 Administrasjon                                                 | 9  |
| 5.4 IKT Valdres                                                    | 10 |
| 5.5 Systematisk internkontroll                                     | 10 |
| 5.6 Forvaltning av bygg og eigedom                                 | 10 |
| 5.7 Administrasjonslokale                                          | 10 |
| 5.8 Fellesutgifter                                                 | 10 |
| <b>6 SKULE, BARNEHAGE, VAKSENOPPLÆRING OG SFO</b>                  | 11 |
| 6.1 Overordna mål:                                                 | 11 |
| 6.2 Barnehagar                                                     | 11 |
| 6.3 Grunnskule                                                     | 12 |
| 6.4 Styrka barnehagetilbod                                         | 13 |
| 6.5 Vaksenopplæring                                                | 13 |
| 6.6 Skulefritidstilbod                                             | 14 |
| 6.7 Barnehagelokale                                                | 14 |
| 6.8 Skulelokale                                                    | 15 |
| 6.9 Skuleskyss                                                     | 15 |
| 6.10 Aktivitetstilbod for born unge                                | 15 |
| <b>7 HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTE</b>                         | 17 |
| 7.1 Overordna mål:                                                 | 17 |
| 7.2 Helsestasjon og skulehelseteneste                              | 17 |
| 7.3 Anna forebyggjande helsearbeid                                 | 18 |
| 7.4 Aktivisering og servicetenester for eldre og funksjonshemma    | 18 |
| 7.5 Diagnose , behandling og rehabilitering / habelitering         | 19 |
| <b>8 SOSIALE TENESTER OG BARNEVERN</b>                             | 21 |
| 8.1 Råd , rettleiing og sosialt forebyggjande arbeid               | 21 |
| 8.2 Tilbod til personer med rusproblem                             | 21 |
| 8.3 Barnevernteneste                                               | 22 |
| <b>9 HELSE- OG OMSORGSTENESTER, INSTITUSJONSLOKALE OG BUSTADER</b> | 24 |
| 9.1 Overordna målsetjingar                                         | 24 |
| 9.2 Helse –og omsorgstenester i institusjon                        | 24 |
| 9.3 Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) – intermedieravdeling    | 25 |
| 9.4 Helse – og omsorgstenester til heimebuande                     | 25 |
| 9.5 Institusjonslokale                                             | 27 |
| 9.6 Bustader                                                       | 28 |
| <b>10 ARBEIDSRETTE TILTAK OG ØKONOMISK HJELP</b>                   | 29 |
| 10.1 Arbeidsretta tiltak                                           | 29 |

|        |                                                         |    |
|--------|---------------------------------------------------------|----|
| 10.2   | Introduksjonsordninga .....                             | 29 |
| 10.3   | Kvalifiseringsordninga .....                            | 30 |
| 10.4   | Økonomisk sosialhjelp .....                             | 30 |
| 10.5   | Hjelp til eigen bustad .....                            | 31 |
| 11     | ANDRE TENESTER.....                                     | 31 |
| 11.1   | Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde ..... | 31 |
| 12     | Fysisk planlegging , bustadbygging og næring .....      | 31 |
| 12.1   | Plansaksbehandling.....                                 | 31 |
| 12.2   | Byggesaksbehandling og seksjonering .....               | 33 |
| 12.3   | Kart og oppmåling .....                                 | 34 |
| 12.4   | Bustadutbygging og bumiljø.....                         | 35 |
| 12.5   | Kommunale næringsverksemd.....                          | 35 |
| 12.6   | Konsesjonsavgift og anna kraft for vidareesal .....     | 35 |
| 12.7   | Næringsutvikling .....                                  | 36 |
| 12.7.1 | Overordna mål:.....                                     | 36 |
| 12.7.2 | Innovangsjon SA .....                                   | 37 |
| 12.8   | Næringsfondet .....                                     | 38 |
| 12.9   | Landbruk .....                                          | 38 |
| 13     | SAMFERDSLE.....                                         | 40 |
| 13.1   | Kommunale vegar .....                                   | 40 |
| 14     | BRANNVERN.....                                          | 40 |
| 15     | VATN, AVLØP OG RENOVASJON .....                         | 41 |
| 15.1   | Produksjon av vatn .....                                | 41 |
| 15.2   | Avløpsreinsing.....                                     | 42 |
| 15.3   | Avløpsanlegg .....                                      | 43 |
| 15.4   | Tøming av slamavskiljarar, septiktankar o.l.....        | 43 |
| 15.5   | Hushaldningsavfall.....                                 | 43 |
| 16     | KULTUR OG MILJØVERN .....                               | 45 |
| 16.1   | Naturforvaltning og friluftsliv .....                   | 45 |
| 16.2   | Kino .....                                              | 48 |
| 16.3   | Museum , samlingar og kulturvern.....                   | 48 |
| 16.4   | Kunstformidling.....                                    | 48 |
| 16.5   | Mål og viktige planar .....                             | 48 |
| 16.6   | Idrett.....                                             | 49 |
| 16.7   | Kulturskule.....                                        | 49 |
| 16.8   | Vang frivilligsentral .....                             | 50 |
| 16.9   | Kulturbygg .....                                        | 51 |
| 17     | KYRKJA.....                                             | 51 |
| 18     | SKATT OG RAMMETILSKOTT.....                             | 51 |
| 18.1   | Statstilskott flyktningar .....                         | 52 |
| 18.2   | Renter og avdrag på lån .....                           | 52 |
| 19     | INVESTERINGAR .....                                     | 52 |
| 20     | DRIFTSBUDSJETT OG BRUK AV NÆRINGSFOND I DRIFT .....     | 55 |
| 21     | UTVIKLING AV LÅNEGJELD .....                            | 56 |
| 22     | HOVUDOVERSIKTER .....                                   | 57 |
| 23     | DRIFTSBUDSJETT 2020 PR ETAT .....                       | 60 |

## FØREORD

Økonomiplanen er det dokumentet som knytter dei langsiktige og overordna måla i kommuneplanen saman med dei konkrete val og prioriteringar ein planlegg å gjere dei neste fire åra. Gjennom økonomiplanen skal formannskap og kommunestyret prioritere dei midlane kommunen rår over på ein slik måte at lokalsamfunnet utviklar seg i retning av dei langsiktige måla.

§ 14 i kommunelova gjev føringar om at kommunestyret innan utgangen av året skal vedta årsbudsjett for komande kalenderår. Kommunestyret skal likeeins vedta ein rullerande økonomiplan som skal omfatte minst dei fire neste budsjettår. Årsbudsjettet og økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd, inndelt i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett. Det skal vera fastsett på realistisk grunnlag av forventa inntekter og utgifter og vise dekking for utgifter og oppgåver som er ført opp for kvart einskild år. Kommunestyret sine prioriteringar, og dei målsetjingar og premiss som årsbudsjettet byggjer på, skal koma tydeleg fram. Kommunestyret vedtek sjølv årsbudsjettet og endringar i dette på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

Årsbudsjett og økonomiplan er samla i eitt felles dokument, der det første året i økonomiplanen gjeld som årsbudsjett for 2019.

KOSTRA-funksjonar er nytta som hovudinndeling i driftsdelen. Funksjonane viser til kva typar behov dei kommunale tenestene skal dekkje, og kva grupper desse tenestene primært vender seg til, uavhengig av organisering. Funksjonane er gruppert i 14 funksjonsområde.

Investeringsdelen omfattar investeringsprosjekt og andre tiltak som høyrer heime her. Taldelen – med driftsdel, investeringsoversikt, hovudoversikter mv. – er samla til slutt. I driftsdelen er kvar funksjon inndelt i artsgruppe, bygd på KOSTRA sine utgifts- og inntektsartar.

Kommunestyret vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Vedtaket blir gjort på grunnlag av innstilling frå formannskapet. Innstillinga, med dei forslag til vedtak som ligg føre skal offentleggjerast for allmenta i to veker før behandling i kommunestyret.

Vang, 20. november 2019

Erlend Haaverstad  
Rådmann

## 1 Rammevilkår og budsjettføresetnader

### Folketalsutvikling

Vang kommune har som mål å styrke arbeidet for å snu utviklinga med nedgang i folketallet. Tabellen under viser prognose (ssb) for folketalsutviklinga i Vang fram til 2030, fordelt på ulike aldersgrupper.

| Framskrive folkemengde 1. januar, etter region, alder, statistikkvariabel og år |                |                             |      |      |
|---------------------------------------------------------------------------------|----------------|-----------------------------|------|------|
|                                                                                 |                | Hovudalternativet<br>(MMMM) |      |      |
|                                                                                 |                | 2019                        | 2025 | 2030 |
| 0545 Vang                                                                       | 0-17 år        | 309                         | 309  | 298  |
|                                                                                 | 18-49 år       | 615                         | 621  | 649  |
|                                                                                 | 50-66 år       | 354                         | 364  | 379  |
|                                                                                 | 67-79 år       | 242                         | 268  | 249  |
|                                                                                 | 80-89 år       | 64                          | 79   | 124  |
|                                                                                 | 90 år og eldre | 20                          | 16   | 15   |
|                                                                                 |                | 1604                        | 1657 | 1714 |

## 2 Statsbudsjettet 2020

### Det økonomiske opplegget for kommunesektoren

- Reell vekst i inntekter på 3,2 mrd. kr, tilsvarande 0,6 % frå inntektsnivået i 2019 berekna i Revidert statsbudsjett .
- Realvekst i frie inntekter på 1,3 mrd. kr, tilsvarande 0,3 %. Veksten er rekna frå inntektsveksten i 2019 slik inntektsnivået vart berekna etter Stortingets behandling av revidert nasjonalbudsjett. Veksten i kostnader som følge av demografi er berekna til 1,3 mrd. kr av dette anslås at 0,9 mrd kr må finansierast av veksten i frie inntekter.
- Kommunesektoren sine samla pensjonskostnader er rekna til ein reduksjon med 450 mill. kr i 2020, ut over det som blir dekket av den kommunale deflatoren ( pris og lønsvekst). Deflator 3,0 % for 2019 og 3,1 % for 2020

### Av veksten i frie inntekter er grunna i :

- 400 mill. kr med tidlig innsats i skolen
- 150 mill. kr med satsing på rusfeltet

### Øyremerka tilskott

Regjeringa foreslår innlemming av ein rekke øyremerka tilskot i ammetilskotet i 2020:

- Tilskot til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.
- Tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebunde personar med demens.
- Tilskot til habilitering og rehabilitering.
- Tilskot til samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak.
- Tilskot til opplæring av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidatatar med spesielle behov.
- Tilskot til fylkesvise partnerskap for karriererettleiing.
- Tilskot til tidleg karriereveiledning for nyankomne innvandrar.
- Tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom økt lærerinnsats på 1.–10. trinn.
- Tilskot til leirskuleopplæring.
- Tilskot til etablering og tilpasning av bustad.
- Tilskot til inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn.
- Tilskot til regionale tiltak for utvikling av næringsmiljøer og tilgang til kompetanse.
- Tilskot til skredsikring av fylkesvegar.
- Tilskot til gang- og sykkelvegar.

I kommuneproposisjonen ble det varslet at tilskotet til klinisk veterinærvakt ville bli foreslått innlemma, men dette videreføres på Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

### Øyremerka kompensasjon for innføring av lærarnormen

Regjeringen foreslår å innlemme den øremerkete kompensasjonen til kommunane for innføring av lærarnormen. I tillegg er 400 mill. kroner av veksten i de frie inntektene til kommunane grunna med tidleg innsats i skulen. Fra 2021 vil midlene som blir innlemma i rammetilskuddet bli fordelt etter de ordinære kriteriene i inntektssystemet.

### Ressurskrevende tenester

For 2020 foreslås det at kommunene kompenseres for 80% av kommunene sine egne netto lønnskostnader i 2019 ut over eit innslagspunkt på 1 361 000 kr. Innslagspunktet blir auka ut over det som følger av anslått lønnsvekst i 2019. Auken er grunna med ein sterk utgiftsvekst for staten i ordningen. Kompensasjonsgraden foreslås uendra.

### Investeringstilskudd til heildøgns omsorgsplasser

Regjeringen foreslår ein samlet tilsagnsramme på 3 595 mill. kr for investeringstilskudd til heildøgns omsorgsplasser. Ramma gir rom for tilsegn om tilskot til om lag 2 000 plasser.

### Frivilligsentralar

Dei øyremerka midlane til frivilligsentralar vart innlemma i 2017, men med ein særskilt fordeling i fire år. Regjeringa foreslår ei auke på 12,8 mill. kroner i 2020 til nyetablerte sentralar. Fra 2021 vil midlene bli fordelt etter ordinære kriterier i inntektssystemet.

### SFO

Regjeringen foreslår å innføre inntektsgradert foreldrebetaling i SFO frå skuleåret 2020/2021. Betaling for eit heiltidstilbod i SFO på 1.–2. trinn skal maksimalt utgjere 6 pst. av den samla person-og kapitalinntekta i hushaldninga. Kommunane kompenseres i 2020 gjennom ei auke i rammetilskotet. .

- 
- Regjeringen foreslår videre å innføre gratis SFO for elever med særskilte behov på 5.–7. trinn.

### **3 Lokale budsjettføresetnader**

Skatt på inntekt og formue er budsjettet med 43,3 mill og naturressursskatt på 6,3 mill kr i samsvar med forslag til statsbudsjett for 2020.

- Eigedomsskatt er sett til 6,1 mill. kr, som er same nivå som i 2019. Eigedomsskatten er under sterkt press med fleire forslag som kan gje vesentleg inntektstap i kategorien «verk og bruk» som Vang kommune skattlegg.
- Konesesjonskraftgevinst er budsjettet med 7,5 mill. kr og fallerstatningar med 2,0 mill. kr.
- Renteinntekter for ansvarleg lån til Vang Energiverk: 700 000 kr som tidlegare. Eigarruttak/gevinst på kraftomsetnad frå energiverket: 4 mill. kr årleg og 0,1 mil kr frå Eidsiva Energi.
- Konesesjonsavgifter: 24,2 mill. kr årleg.
- Det er lagt til grunn å nytte stor del av 24,2 mill. kr i næringsfond til tiltak som skal først i driftsrekneskapen for 2020 (jf. eiga oversikt).
- I økonomiplanen inngår investeringar for til saman 56.702.000 kr. Etter å take omsyn til momskompensasjon og statstilskott på 12.410.000 kr og utlån av startlån og utgifter til andelsinnskott i KLP vil finansieringsbehovet knytt til lånefinansiering for 2020 bli 44.792.000 kr .

### **4 Overordna mål:**

Dei overordna måla for Vang kommune er skildra i Kommuneplanen. Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar. Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte bu tilbod tilpassa vekslende behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen. Vidare skal Kommunen ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar. Vang ynskjer å vera eit inkluderande lokalsamfunn der skilnader i høve til kjønn, etnisk tilhøyrse, funksjonsnivå, utdanning og økonomi blir motverka. Vang har òg som mål å halde fram som eigen kommune.

I tillegg til disse overordna måla visersamfunnsdelen av kommuneplanen til eigne mål for barn og ungdom, kultur og friluftsliv, universell utforming, langsiktige arealstrategiar, landbruk, næringsutvikling og sysselsetting, klima, energi og miljø, samfunnssikring og beredskap, og Vang kommune som arbeidsgjevar.

Den rullerande økonomiplanen i Vang kommune utgjør handlingsdelen av kommuneplanen. Det skal derfor vere ein klar samanheng mellom dei måla som er stadfesta i kommuneplanen og dei økonomiske disposisjonane i økonomiplanen.

#### **4.1 Økonomiske mål:**

1. Vang kommune skal føre ein nøktern og realistisk økonomisk politikk bygd på langsiktig planlegging. Ein skal tilpasse driftsutgifta til inntektene og halde renteberande lånegjeld på eit lågt nivå. Ein skal nytte økonomiske verkemiddel i arbeidet med næringsutvikling og arbeide for å behalde rettar og økonomiske ressursar knytt til kraftutbygging og kraftproduksjon.

2. Ha ambisjon om eit årlig netto driftsresultat på minst 7,25% av driftsinntektene

Det er anbefalt i GKRS ( God Kommunal Reknskap Standard) at ein kommune bør ha eit netto driftsresultat på minimum 1,75 % av driftsinntekta for å byggja disposisjonsfond til framtidige forpliktingar.

Vang kommune har store inntekter frå vasskraft, noko som i dag utgjer ca. 10% av driftsinntekta. Det er ynskjelig å bruka ca. halvparten av dette fast inn i drift, Vang kommune bør difor ha ambisjon om eit driftsresultat på minst 7,25 % for at ein ikkje skal bruke opp næringsfondet over tid. Det er budsjettert med eit netto driftsresultat i 2020 på 289.000 kroner i underskot (-0,13% av driftsinntektene)

3. Ha eit disposisjonsfond på 10 - 15% av samla driftsinntekter

Målsettinga framover blir å få kommunen i balanse og auke disposisjonsfondet til anbefalte 10 - 15% av inntekta. Dette betyr at Vang kommune må byggja eit fond i størrelses orden 20 - 30 mill. kroner. Fondet skal brukast til å dekke framtidig ustabilitet og forpliktingar.

4. Vang kommune sine lånekostnader (avdrag og renter) skal ikkje overgå 13 000 000 kroner i året, for å ha frie mildar av næringsfondet til å dekkje ynskja driftsmål.

For å nå ambisjonen om eit årlig netto driftsresultat på 7,25% blei det avgjort å starte eit effektiviseringsprosjekt som skulle auke inntektene og redusere utgiftene. Det blei gjort eit forarbeid i 2017, med innføring i 2018. Ambisjonen som blei satt var å effektivisere drifta med 12 millionar kroner frå 2018 til 2022. Det blei i mars 2019 gjennomført eit omfattande arbeid med å identifisere ulike tiltak.

Dette gjev eit godt grunnlag før vidare arbeid, som takast opp att i 2020. Det vil bli lagt fram ein prosjektrapport på moglege innsparingar og inntektsauke for kommunestyret i løpet av andre kvartal 2020.

Det er budsjettert med bruk av næringsfondet med kr. 22 483 000 kroner i drift og kr. 775 000 i investering. Det er satt av kr 24 200 000 til fondet i 2020. Fondet vil då utgjere kr. 56 681 000 i utgangen av 2020. Disposisjonsfondet vil vere urørt og utgjere kr. 20 848 000 i utgangen av 2020.

## 5 POLITISK STYRING, ADMINISTRASJON OG FELLESFUNKSJONAR

### 5.1 Politisk styring

Godtgjersle til folkevalde, representasjonsutgifter, partistøtte og valavvikling.  
Valdres natur- og kulturpark.

#### Mål og viktige planar

Ha eit tilpassa politisk apparat som kan ivareta lokaldemokratiet og fatte effektive avgjerder. Kommuneplanen, samfunns- og arealdel er overordna styringsdokument.

Kommunen skal i 2020 utvikle ny planstrategi for neste periode, og revidere kommuneplan og ROS-analyser

#### Budsjettkommentar

Ordførargodtgjersla aukar med ca. 3,35 pst. frå kr til 717 000 til kr 741 000 (+ 2 000 kr knytt til skattlegging av mobiltelefon). Dette følgjer av vedtak i sak K-64/17 om at ordførargodtgjersla i Vang skal vere 75% av løn som stortingsrepresentant. Godtgjersler og utgiftsdekning til andre folkevalde følgjer som en del av ordførargodtgjersla i samsvar med

---

reglement vedteke i sak KS-068/98. Tilskot til dei folkevalde gruppene i kommunestyret er ført opp med 40 000 kr (uendra). 10 pst. av denne støtta blir gjeve som ein lik sum for kvar kommunestyregruppe og 90 pst. blir fordelt etter talet på medlemmer i kvar gruppe (KS-69/07).

Kommunestyret i Vang vedtok nytt charter og vedtekter for Valdres Natur- og Kulturpark(VNK) i sak K-30 i møte 18.05.2017. Av § 8 i vedtektene står det at tilskotet frå Valdreskommunane for perioden 2017-27 skal vere inntil 4,5 mill. kr årleg. Vang sin del er 405 000 kr. (uendra).

Kommunane i Valdres delfinansierer Visit Valdres med eit basistilskot på 1,35 mill. kroner i 2020. Beløpet vert fordelt mellom Valdreskommunene etter vedteken kostnadsmodell i VNK (folketal), og innarbeidd i VNK sitt årlige budsjett og økonomiplan. Dette skal sikre at samarbeidet mellom VNK og VV vert tilstrekkeleg koordinert. I tillegg gjev kommunane som har slikt vedtak prosjektstøtte til VV. Støtta til VV vert gjeve via VNK.

Framtidig finansieringsmodell vert drøfta i 2020. Fellesgodefinansiering bør vurderast.

## **5.2 Kontroll og revisjon**

Valdres- og Hallingdalskommunane har finansiell revisjon og forvaltingsrevisjon i eigen regi gjennom *Kommunerevisjon IKS, Valdres – Hallingdal*. Utgiftene blir fordelt etter medgått tid.

Kontrollutvalet har i sak 18/2019 den 11.09.2019 handsama budsjett for kontrollutvalet i Vang kommune for 2020. Vedtatt budsjettforslag frå kontrollutvalet skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret, altså formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret. Det er enkelte postar som ikkje har klare erfaringstal, dette gjeld i sær forvaltningsrevisjon. Sekretariatet har i forslag til budsjett søkt å gje ei mest mogleg realistisk oversikt over kontrollutvalet sine forventa kostandar for 2020.

Kontrollutvalet sitt budsjett skal innehalde kostnadene til sjølve utvalet, sekretariatstenestene, rekneskapsrevisjonen og forvaltningsrevisjon, her under revisor si deltaking i møter.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for arbeidet med kontroll og tilsyn 2020 har ei ramme på kr 550 000. Dette er ein auke på 47% frå kr 374 000 i 2019. Noko av denne auken kan ein forklare. Av omsyn til kontrollutvalets rolle ovanfor rådmannen må eventuelle krav om budsjettkutt komme frå formannskapet eller kommunestyret.

## **5.3 Administrasjon**

Rådmannskontoret med kommunekassa, etatssjefane med merkantile medarbeidarar, sentralbord, velferdstiltak, bedriftshelseteneste, overordna HMS-arbeid, felles IKT-løysingar, kontingentar til KS mv. og frikjøp av hovudtillitsvalde.

Valdreskommunane har felles innkjøpskoordinator med Sør-Aurdal som vertskommune, og felles skatteinnkrevjing med trekkontrollør med Nord-Aurdal som vertskommune.

### **Langsiktige mål**

- God service til innbyggjarane.
- God ressursutnytting, planlegging og handling i tråd med økonomiske realitetar.

### **Budsjettkommentar**

I administrasjon ligg det til saman snaue 13 årsverk fordelt på 17 tilsette (herunder 0,4 årsverk som frikjøp tillitsvalde). Ingen endring samanlikna med tidlegare.

## 5.4 IKT Valdres

IKT-systema blir drifta av IKT Valdres IKS, der kommunane eig 1/6 kvar. Selskapet kjøper sjølv inn nytt utstyr etter behov og fakturerer kommunane etter ny kostnadsdeling frå 2016 som vart fastsett av representantskapet i IKT Valdres IKS i møte 26.10.2015. Grunnlaget for fordeling er 3 element; kostnad per eining, driftskostnader og fellesutgifter.

Det er IKT V som i hovudsak kjøper inn og eig alt utstyr. Kommunane har dermed ikkje investeringsutgifter til utstyr, men får alle kostnadane i driftsrekneskapen.

IKT Valdres har ei kostnadsramme på 39,35 mill. kr i 2020, der Vang sin del utgjør 4,80 mill. eller 12%. Desse kostnadene blir delt på funksjon 120, administrasjon, og fleire andre funksjonar etter ein lokal fordelingsnøkkel.

## 5.5 Systematisk internkontroll

Kommunane skal ha internkontroll med risikovurdering, planlegging, organisering, opplæring, iverksetting av tiltak, rapportering og evaluering for å sikre at tenestene har tilstrekkeleg kvalitet og oppfyller gjeldande lovkrav.

Internkontroll i ein kommune er svært omfattande og arbeidskrevjande. Vang kommune har eit elektronisk system på området, Kvalitetslosen (Compilo). Det er lagt hovudvekt på å samle/oppdatera reglement, lovverk og rutinar, samt å melde inn og behandle avvik. Det blir i 2020 innført ein ny versjon av Kvalitetslosen (Compilo).

### Prioriteringar i planperioden

- Arbeide med effektivisering av Vang kommune for å tilpasse utgifter til inntekter innanfor ein forsvarleg tenestekvalitet.
- Halde fram arbeidet med betring av systematisk internkontroll for den samla kommunale verksemda.
- Rekruttere best mogelege fagfolk og leiarar i det generasjonsskiftet kommunen er inne i.

## 5.6 Forvaltning av bygg og eigedom

### Forsikring av kommunale bygg.

Etter felles anbudsprosess for Valdreskommunane i 2017 er skadeforsikringane samla hjå Protector.

## 5.7 Administrasjonslokale

### Drift og vedlikehald av kommunehuset og Vangstunet.

Det er behov for å skifte ut/bygge ny heis på kommunehuset, det er kostnadsberekna til 2 000 000 kr. Dette vart ikkje gjort i år, men er planlagt i 2020.

Det har lenge også vore ynskje om å skifte ventilasjonsanlegg og få nye vindaugo på kommunehuset. Dette vil også kunne avhjelpe problemet med høge radonverdiar på ein del av kontora. Kostnad 4 700 000 kr. Det same gjeld dette som vil bli gjort i 2020. Under planlegging av dette viser det seg at ein må og skifte ut hovudtavla her på huset, då den som er der ikkje er lovleg å knytte nye komponentar til. Denne har ei stipulert kostnad på kr 200.000,-

## 5.8 Fellesutgifter

Eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet.

Sekretærfunksjon (det vil seie sekretærfunksjon i møtet) for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne blir utført innan den ordinære stillingsramma for

---

rådmannskontoret.FIG Valdres har beredskapsdepot i Nord-Aurdal og mannskap for dei seks kommunane, der Vang dekkjer sin del av husleiga.

### Vesentlege endringar frå 2019 til 2020 - Drift

|                                              | Kostnad      |
|----------------------------------------------|--------------|
| Kontrollutval og revisjon (auke)             | 176 000 kr   |
| <b>Tiltak</b>                                |              |
| Framsikt – digitalisering av økonomi/årsplan | 125 000 kr   |
| Digitalisera arkiv                           | 1 460 000 kr |

### Tiltak som er med i økonomiplanen – Investering

|                                                               |              |
|---------------------------------------------------------------|--------------|
| Nytt inventar og IKT til møtesalane i kommunehuset            | 200 000 kr   |
| Skifte av vindauga og nytt ventilasjonsanlegg på kommunehuset | 4 900 000 kr |
| Heis kommunehuset                                             | 2 000 000 kr |
| Automatikk ventilasjon – Vangstunet                           | 430 000 kr   |

## 6 SKULE, BARNEHAGE, VAKSENOPPLÆRING OG SFO

### 6.1 Overordna mål:

*Barn og ungdom skal sikrast stimulerande og trygge oppvekstvilkår i heim, barnehage, skule og fritid. Det er viktig at dei får så positive opplevingar med å vekse opp i Vang at dei ynskjer å koma attende. Skule- og barnehagekvardagen skal leggjast opp med fokus på gode mellommenneskelege tilhøve, gode sosiale evner, sunn kost og fysisk aktivitet. Det skal leggjast til rette for at ungdom får høve til aktivt å ta del i utviklinga av Vang. Skulen i Vang skal vera blant dei beste på kvalitet og positive erfaringar for elevane.*

### 6.2 Barnehagar

#### Mål og viktige planar

Barnehagen skal legge til rette for:

- God utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande læringsmiljø der leiken står i sentrum.
- Utvikle personalet gjennom vidareutdanning, kompetansetiltak og rettleiing av nyutdanna/nytilsette. Fortsette praksis med at gode føredragshaldarar kjem til Vang for å halde kurs for dei tilsette. Dette gjer at fleire kan delta.
- Ernæringsmessig god mat i barnehagen. Barnehagane satsar lokale råvarer igjennom barnehageåret. Matprisen vert auka 1.januar 2020.
- Arbeide med Smart oppvekst.
- Utdanne to «Smart trenarar», ein i Høre og ein Fredheim barnehage

- Arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.
- Arbeide for ein god overgang mellom barnehage, skule og SFO.
- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet.
- Oppretthalde full barnehagedekning.

Målsettinga om full barnehagedekning i Vang er oppfylt dei siste åra.

I forslaget til statsbudsjett for 2020 er maksimalprisen for heiltidsplass i barnehage auka frå gjeldande 3040 kr til 3135 kr pr. måned.

Ut i frå fødselstala vil det bli ein reduksjon i talet på barn i barnehagane i økonomiplanperioden. I 2018 var det 15 barn som var fødte. Tal frå helsesyster syner at det er 11 barn som er fødte i 2019, to av desse bur ved Vang mottakssenter.

Kommunen oppfyller ynskje om barnehageplass fortløpande, om det kan skje utan auke i driftsutgiftene. Hovudopptaket er om våren etter kunngjering i lokalavisa. Smart oppvekst er ei satsing i Vang kommune, som førebels skule og barnehage arbeidar med. For meir informasjon kan ein lesa her: [smartoppvekst.no](http://smartoppvekst.no)

## 6.3 Grunnskule

### Mål og viktige planar

- Sikre eit fagleg godt grunnskuletilbod med god læring, i tråd med læreplanen og med vurderingsformer som fremmar læring.
- Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.
- Skulen skal legge aktivt til rette for elevmedverking
- Legge til rette for gode overgangar barnehage – grunnskule – vidaregåande skule.
- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet i undervisninga.
- Halde ved like/ styrke vektlegging av fysisk aktivitet.
- Legge til rette for godt samarbeid mellom heim – skule.
- Stimulere til aktivt pedagogisk utviklingsarbeid, med eit særskilt fokus på fagfornyninga og Smart oppvekst.
- Legge til rette for vidareutdanning av personalet for å dekke opplæringslova sine krav til kompetanse i undervisninga.

### Personalsituasjonen og nye satsingsområde

Det er 28 lærarar i grunnskulen i Vang. I tillegg kjem skuleleiinga med stillingane til rektor og inspektør. Funksjon som sosialpedagogisk rådgjevar og utdannings- og yrkesrådgjevar inngår med ca. 23 % i ei av lærarstillingane.

Elles i grunnskulen er det 8 assistentar (7 av desse med fagbrev), 1 miljøarbeidar, 3 reinhaldarar, 1 sekretær og 1 bibliotekar. 8 av lærarane er seniorar over 55 år og frå denne alderen har dei rett på reduksjon i undervisningstid (sentral avtale). Seniortiltaka utgjer til saman 53 pst. stilling. Dette er ein reduksjon frå året før Ekstramidlar til å oppfylle desse avtalene er lagt inn i budsjettet. Det var ein svært stor søkarmasse på 22, stort sett godt kvalifiserte søkjarar ved utlysing av lærarstillingar i år.

Etter skulesamanslåinga og naturleg avgang for dei eldste lærarane har lærardekninga i Vang no nærma seg eit nasjonalt snitt, og er ein del under snittet for samanliknbare kommunar (Kommunegruppe 06) Ein har dei siste åra lykkast med å redusere andel

---

undervisning brukt til spesialundervisning kraftig. Årsaka har vore meir fleksibel bruk av ressursane og betre tilpassa undervisning. Dersom skulen skal kunne halde fram med ein låg andel spesialundervisning, samtidig som ein skal kunne følgje fleispråklege barn godt opp med god og tilrettelagt norskundervisning, må ein heile tida sjå på korleis ein nyttar ressursane på best mogleg vis. VBU fekk tilført 1 nytt lærarårsverk i budsjett 2019, som er vidareført for komande økonomiplanperiode. Elevtalet på VBU har stabilisert seg på omlag 200, og mange av elevane våre er minoritetsspråklege.

Fleire utviklingsprosjekt er i gang i grunnskulen. Skulen har dei siste åra hatt lesing som grunnleggjande ferdigheit og vurdering for læring som utviklingsområde. Ein er no godt i gang med SMART-oppvekst for alle born i skule og barnehage. Ein «ressurslærer» ved skulen er i ferd med å starte opp med «SMART-trenar-utdanning» Målet med satsinga er at elevar og vaksne skal ha fokus på styrkar hjå seg sjølve og kvarandre, og bli meir robuste. Det er grunn til å tru at dette vil verke positivt på skule- og læringsmiljøet. Framover blir implementeringsarbeidet i samband med nye læreplanar viktig. Desse skal ha verkning i frå hausten 2020. Det vil mellom anna vere fokus på programmeringskompetanse hjå skuleungar og psykisk helse og livsmeistring. SMART oppvekst er også knytt sterkt opp i mot livsmeistring. Vang kommune er i samarbeid med Vestre Slidre kommune om kodeklubb i Ryfoss. Skulen har hatt Vitensenteret inne for å lære opp elevar i koding.

For å leggje til rette for endå betre trivsel og auka aktivitet i friminutta ser ein at uteområdet bør utvidast med fleire leike- og aktivitetsapparat. Ved utbygging av skulen var det tenkt at ein over tid skulle utvikle uteområdet.

Grunna elevveksten, og at ein ikkje kom heilt i mål med inventar-anskaffelsar gjennom byggjeprojektet er det behov for å supplere med fleire klapp-bord i Foaje-området, samt fornying av inventar på lærarkontora.

## **6.4 Styrka barnehagetilbod**

### **Mål og viktige planar**

- Setje i gang og følgje opp med ekstra hjelpetiltak for barn som treng det.
- Jobbe i tverrfagleg team.

For å førebyggje seinare vanskar er det viktig med tidleg innsats gjennom gode stimulerande utviklings- og hjelpetiltak for dei barna som treng det.

Barnehagane har dei siste åra hatt eit tverrfagleg team, der både PPT, helsestasjonen, barnevernet og psykisk helse er med. Godt fagleg team med fokus på barns beste.

Barnehagane ynskjer og å samarbeide tettare med småskulen, blant anna gjennom Smart oppvekst.

Fredheim barnehage har ei auke i lønsbudsjettet på ca. 2.000.000. I hovudsak er dette ekstra kostnader til spesialpedagogiske vedtak til barn med spesielle behov.

Frå 01.01.20 vert det ei auke i barnetalet frå 45 barn - 281 vekeplassar, til 51 barn - 333 vekeplassar. Dette vil gje ein positiv gevinst, i høve til foreldrebetaling og ståttilskot.

## **6.5 Vaksenopplæring**

Opplæring etter Introduksjonsloven for vaksne innvandrarar (norskopplæring og introduksjonsprogram) og grunnskule og spesialundervisning for vaksne etter opplæringslova. Norskopplæringa er på 175 timer for asylsøkjjarar og

introduksjonsprogrammet inneheld norskopplæring (minimum 600t) og arbeidspraksis på fulltid i 2 år (vanlegvis) for dei som er busett i Vang kommune.

### Mål og viktige planar

- Legge grunnlaget for god integrering i det norske samfunnet.
- Lage gode, realistiske individuelle planer for dei busette som kan hjelpe dei vidare inn i arbeidslivet.
- Sikre ei fagleg god undervisning med god kunnskapsformidling.
- Hjelpe den einskilde til ein meir meningsfull og aktiv kvardag.
- Bidra til aktivt pedagogisk utviklingsarbeid saman med resten av tilbyderane i Valdres.
- Samarbeide med NAV om ein god overgang mellom skule og arbeid.
- Samarbeide med næringslivet i Vang og internt i Vang kommune om arbeidspraksis og språkpraksis som kan hjelpe deltakaren over i arbeid.
- Bruke læreplanen aktivt inn mot dei to årlege eksamenane vi tilbyr alle i Vang som manglar norskarakter. Dette er eit gratis tilbod.
- Vang Læringssenter med flyktningteneste, undervisning av vaksne asylsøkjjarar, undervisning av busette flyktningar og vaksenopplæring etter opplæringslova held til på Lund og har 13 tilsette.

## 6.6 Skulefritidstilbod

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn (opplæringslova § 13-7).

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. SFO-tilbodet i skuleferien er i inntil 6 veker om det er nok interesserte. Skuleåret 2019-20 blir det 3 veker SFO-tilbod i skuleferien. Gjeldande vedtekter har krav om minst fire påmelde barn for at det blir eit SFO-tilbod, både for å gje eit godt sosialt tilbod, og for å dekkje noko av utgiftene gjennom brukarbetaling.

### Mål og viktige planar

Det blir utarbeidd årsplan for SFO- tilbodet.

- Tilbodet på SFO skal vere variert med vekt på fri leik, fysisk aktivitet, friluftsliv og skapande kulturelle aktivitetar.
- Tilbodet på SFO skal fremje barna sin sosiale kompetanse gjennom leik basert på pedagogisk tenking.
- Tilbodet på SFO skal gi barna omsorg og tryggleik.
- SFO skal implementerast i Smart oppvekst-satsinga frå 2020

## 6.7 Barnehagelokale

Barnetalet i kvar barnehage vil varierer frå år til år. For barnehage året 2019/2020 er det totale barnetalet på 71 barn.

---

Tal på fødte i 2019, opplyst frå helsestasjonen, syner ei slik fordeling mellom krinsane: Øye: 1, Fredheim: 5 - derav 2 frå mottaket, Åsvang: 2, Ryfoss/Høre: 3 Totalt fødte er 11.

I 2019 er Høre barnehage og Fredheim barnehage i drift. I tråd med omorganisering i 2018, har barnehagane fått sin eigen styrar og er igjen sjøvstendige einingar innan etaten.

I 2018-budsjettet var det avsett kr 100.000,- til lydisolering av himlingar på 2 av Høre barnehage sine klasseromm. Dette vart ikkje utført og pengane vart heller ikkje vidareført i 2019. Teknisk etat skal få utført dette i 2020, innan ei kostnadsramme på 120.000,- Det er difor sett av midler på investeringsbudsjettet.

## **6.8 Skulelokale**

Arealet på VBU er 8700 m<sup>2</sup>.

Det store prosjektet med renovering av taket på VBU er i ferd med å bli slutført. Løysinga blir svært god, og vil sikre tett tak, med god isolasjon og lufting på VBU i fleire ti-år framover. Det blir arbeidd opp i mot entreprenøren, med bakgrunn i manglar i terapibassenget. Det ser ut til at ventilasjon i rommet ikkje er tilstrekkeleg, noko som fører til fuktskadar. Det er viktig at dette blir utbetra, utan kostnad for Vang kommune.

## **6.9 Skuleskyss**

Skuleskyssen blir organisert av fylkeskommunen og utgiftene blir fordelt mellom kommune og fylkeskommune.

Elevar i første klasse har rett på skuleskyss når avstanden frå heim til skule er over 2 km. Elevar frå 2. til 10.klasse har rett på skyss når avstanden frå heim til skule er over 4 km.

Der skulevegen blir vurdert som spesielt trafikkarleg kan kommunen sjå bort frå kravet til avstand og tilby skuleskyss. Kommunen må i slike tilfelle ta kostnaden sjølv dersom det må settast opp egne bilar.

## **6.10 Aktivitetstilbod for born unge**

FRI-NAT, fritidsklubben, ungdomsrådet og tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar. Det er også midlar til fritidsaktivitetar for barn og unge.

### **Mål og viktige planar**

- Gje barn og ungdom positive opplevingar med å vekse opp i Vang kommune
- Legge til rette for arbeidet i ungdomsrådet og følgje opp tiltak, aktivitetar og arrangement for ungdomsgruppa.

Ungdomsrådet fungerer godt. Det blir lagt vekt på at ungdommen sjølv viser initiativ, kjem med framlegg til arrangement/tiltak og er med på gjennomføring. I samband med ny kommunelov, vil det verte nokre endringar i høve til ungdomsråd. Ein vil i komande periode sjå på vedtektar m.m. som ein konsekvens av dette.

I 2020 er midlane planlagt brukt til følgjande aktivitetar:

- Drift av ungdomsklubben organisert som "allaktivitetskveldar"
- Ei utviding av eksisterande tilbod med auka omfang av klubbkveldar
- Kurs, tiltak og arrangement som det blir teke initiativ til gjennom året
- Ung Kultur Møtes (UKM)

## Vesentlege endringar frå 2019 til 2020 - Drift

| Tiltak                               | Kostnad      |
|--------------------------------------|--------------|
| Auke bemanning                       | 2 547 000 kr |
| Oppgradering inventar/IT-utstyr Høre | 35 000 kr    |
| Reduksjon i personalressurs          | - 539 000 kr |
| Reduksjon inntekt frå staten         | - 500 000 kr |

## Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

|                                                  | Kostnad    |
|--------------------------------------------------|------------|
| Nytt tak på VBU – 2020                           | 800 000 kr |
| Leikeapparater VBU – 2021                        | 250 000 kr |
| Projektor, lydanlegg og lerret til hallen – 2021 | 200 000 kr |
| Konsertpiano kulturskulen -                      | 120 000 kr |
| Koding og programmering i skulen - 2020          | 110 000 kr |

## Oppsummering

Område auker rammene med 1 561 000 til totalt 47 185 000 kroner. Det er i hovudsak løn som forklarar auken. Lønsutgiftene aukar med 984 000 kroner (2,4%), til 41 381 000 kroner, der 656 000 kroner er knytt til auka stillingsressursar.

Vare og tenestebudsjettet aukar med 329 000 til 4 638 000, der auken kan forklarast med flytting av velferdsmidlar (41 000 kroner) og auka fokus på kurs (205 000 kroner).

Varar og tenester innan kommunale samarbeid aukar med 273 000 kroner, til totalt 2 470 000. Omfordeling av IKT utgifter står for 255 000 av dette.

Det er og forventta lågare sjukefråver, så refusjonsinnektene reduserast med 251 000 kroner.

---

## 7 HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTE

### 7.1 Overordna mål:

*Vang kommune skal ta omsyn til fokehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift. Kommunen skal samarbeide med frivillige organisasjonar der det er aktuelt, for å bidra til gode sosiale og miljømessige tilhøve. Innbyggjarane skal vere medvitne om ansvaret sitt for å ta vare på eiga helse.*

I følgje folkehelselova skal kommunen leggje folkehelseperspektivet til grunn i heile verksemda si. Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, deriblant utjamning av sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet skal fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade og liding. Det er m.a. krav til skriftleg oversyn over helsetilstanden, aktivt og sektorovergripande førebyggjande arbeid og krav til samhandling mellom kommunen og helseføretaket og ev. andre kommunar for å løyse ulike oppgåver.

### 7.2 Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjon, skulehelseteneste, interkommunal jordmorteneste, svangerskapskontroll og barselomsorg.

#### Mål og viktige planar

- Individretta sjukdomsførebyggjande arbeid, spesielt relatert til livsstil, m.a. rusmisbruk
- Oppretthalde fokus på godt fysisk og psykososialt oppvekstmiljø for barn og unge
- Spesiell merksemd på unge med psykososiale vanskar
- Jordmortenesten (interkommunal) er vidareført uendra, men Vang sin andel er likevel redusert med kr. – 22 000,- i 2020.
- Helserådgjevar ved Valdres vgs. vart styrka frå 80 til 100% stilling skuleåret 2016/2017 finansiert av midlar frå «Tilskudd til skulehelsetjenesten i vidaregåande skole, statsbudsjettet 2016 kap. 762, post 60». Prosjektet blir ikkje vidareført i 2020. Kommunen sitt tilskott til skulehelsetenesta ved Valdres vidaregåande skule er vidareført med kr. 25 000,-
- Helsestasjon og skulehelsetenesta jobbar systematisk med å førebygge fysiske og psykiske plager og sjukdom. Dette er eit vesentleg bidrag i det totale folkehelsearbeidet til befolkninga. Det blir jobba direkte med barn og unge og med foreldregruppa.

Her inngår 1,5 helsesysterstilling, 1,2 årsverk sjukepleiar på asylmottaket, tilskot til interkommunal jordmorteneste og helserådgjevar ved Valdres vidaregåande skule.

## 7.3 Anna forebyggjande helsearbeid

Oversyn og planlegging etter folkehelselova, miljøretta helsevern, smittevern og ulike folkehelseiltak.

### Mål og viktige planar

- Folkehelseaspektet skal vurderast ved all kommunal aktivitet og planarbeid.
- Auke interessa for livsstil i befolkninga, spesielt fysisk aktivitet
- Jobbe aktivt for å få fremje psykisk helse og livskvalitet gjennom regjeringa sitt 10-årige folkehelseprogram.
- Oppdatert oversyn over folkehelsa.
- Rullering av folkehelseoversikt og folkehelseplan i 2018 – 2019 jf planstrategien. Folkehelseoversikten vert framlagt for kommunestyret på nyåret 2020
- Tilsetjing av ny frisklivsrettleiar

Stillingar:

- 0,2 kommuneoverlegestilling
- 0,2 stilling folkehelsekoordinator.
- 0,4 stilling frisklivsrettleiar

Det er mange folkehelseiltak i Vang kommune både i kommunal og frivillig regi. Skulen har m.a. eit omfattande FYSAK opplegg, av elevane kalla AV- trim. (omtala under skule)

Ei av folkehelsekoordinator sine viktige oppgåver er å medverke til at folkehelseperspektivet blir vurdert og teke omsyn til i alle planar og kommunal verksemd. Bidrag i planarbeid er ei viktig oppgåve, mellom anna revidering av kommunal folkehelseoversikt som skal rullerast kvart fjerde år.

Folkehelsekoordinator og frisklivsrettleiar er aktive til å søkje midlar til aktuelle tiltak innan folkehelse og friskliv. Oppfølging av Vang aktivitetspark.

Folkehelsekoordinator er støttespelar i Smart Oppvekst – eit tverrfagleg folkehelseprogram som blir gjennomført i barnehage og skule, men som m.a. involverer psykisk helseteneste, helsesjukepleiartenesta og folkehelsekoordinator.

Frisklivsrettleiar har individuell oppfølging og gruppetilbod. Samarbeidar med treningssenter i kommunen, for brukarar ved Frisklivssentralen. Arrangerer kurs om td. diabetes og Bra Mat. Dette blir vidareført i 2020. Har mellom anna også planar om å arrangere livsmeistringskurs for personar med kronisk sjukdom.

Vang kommune har ei aktivitetsordning for sine tilsette. Det er sett av 36 000 kr i velferdsmidlar til påskjønning/premiering.

## 7.4 Aktivisering og servicetenester for eldre og funksjonshemma

Tenester til eldre, personar med nedsett funksjonsevne, psykiske lidningar, utviklingshemming mv.: Eldresenter og dagsenter for heimebuande, aktivitetssenter for personar med utviklingshemming, transporttenester, støttekontakt, matombringning, tryggleiksalarm, ferie-/velferdstilbod, frisør, fotpleie og frivilligsentral.

|                                                                        |                               | <u>Årsverk</u> |
|------------------------------------------------------------------------|-------------------------------|----------------|
| Dagsenter Vangsheimen                                                  | Omsorgsarbeidar/hjelpepleiar  | 0,36           |
|                                                                        | Assistent                     | 0,4            |
|                                                                        | Sjukepleiar                   | 0,04           |
| Dagaktivitetstilbod til heime-<br>buande personar med kognitiv svikt : |                               |                |
|                                                                        | Sjukepleiar                   | 0,36           |
|                                                                        | Helsefagarbeidar/hjelpepleiar | 0,48           |
| Lund Arbeidsbase                                                       | Fagarbeidar                   | 0,5            |

### Mål og viktige planar

- Oppretthalde tilpassa dag-, arbeids- og aktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne grunna alder, fysisk eller psykisk sjukdom. Ivareta livskvalitet, behov for sosial kontakt og aktivitet gjennom førebygging og meningsfylte aktivitetar.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske lidingar gjennom dagsentertilbod.
- Legge til rette for normalisert livssituasjon gjennom arbeids- og aktivitetstilbod.
- Solgløtt - Dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt – vidareutvikle tilbodet og informasjon om dette for å nå fleire i målgruppa.
- Samarbeid med eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Auka samarbeid med frivillige – Tiltak «Aktivitetsvenn» i samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelse og frivilligsentralen

*Lund Arbeidsbase* har aktivitets- og arbeidstilbod for menneske med behov for tilrettelagt arbeid.

*Dagtilbodet ved Vangsheimen* er ope to dagar kvar veke. Her har brukartalet auka siste året.

*Solgløtt - Dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt* er vidareført med opningstid 2 dagar pr. veke i 2020. Det er søkt Helsedirektoratet om vidareføring av tilskottet i 2020: 200 000,- Dette er siste året det er tilskott, då tenesten blir lovpålagt og lagt inn i rammetilskottet.

*Tilskottsordning for dekning av ekstrapgifter ved behov for assistanse på ferie og fritidsreiser* er vidareført.

*Transportteneste for forlyttingshemma (TT):* Kommunen har administrert ordninga for Oppland Fylkeskommune. Ved overgang til Innlandet fylkeskommune, er det vedteke at denne tilskottsordninga skal organiserast av ei fylkeskommunal nemnd.

<https://www.innlandetfylke.no/news/felles-tt-ordning-for-innlandet/>

## 7.5 Diagnose , behandling og rehabilitering / habelitering

Legeteneste, interkommunal legevakt, naudnett, fysioterapi, ergoterapi med formidling av hjelpemiddel, psykiatrisk sjukepleieteneste, Valdres lokalmedisinske senter, betaling for medisinsk behandling i utlandet og tilskott til Norsk Pasientskadeerstatning.

### Mål og viktige planar

- Bidra til heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykiske og andre sjukdommar, i nært samarbeid med sjukehusa og ev. andre kommunar
- Fremje brukarmedverknad
- Oppretthalde noverande tenestenivå.
- Rullere plan for habilitering og rehabilitering – ansvar Koordinerende Eining (KE).
- Legekontoret: Vidareført med ei lita endring hjelpepersonell
- Fysioterapeut: Budsjettert med driftstilskott 100% og 100% stilling for kommunefysioterapeut.
- Plan for habilitering og rehabilitering i kommunene, samt oppstart av Hverdagsrehabilitering i Vang kommune, krev auka innsats i pleie- og omsorg. Det er ikkje budsjettert med auka bemanning.
- Valdres legevakt: Det er lagt inn ei auke i overlegefunksjonen frå 16% til 30% med ei samla utgiftsauke på kr. 150 000,- frå 2019 til 2021 og tilsvarande frå 2021 til 2023.
- Kommunepsykolog: Vang, Vestre Slidre og Øystre Slidre har samarbeid om kommunepsykolog. Dette er lovpålagt frå 2020. Samla kostnad er rekna til om lag kr 880 000,- i 2020. Vang sin andel er budsjettert med kr. 220 000,-.
- Psykisk helseteneste har stadig aukande kompetansebehov, og innføring av pakkeforløp for rus- og psykiatri vil også krevje meir frå primærhelsetenesta i dei kommande åra. Ein tilsett er i gang med vidareutdanning i Kognitiv terapi.

### Stillingar

- Lege 2,5 stillingar (inkl. legeteneste på Vangsheimen, helsestasjon og skulehelseteneste).
- Hjelpepersonell legekontoret 2,10 stillingar.
- Fysioterapeut 1,0 stilling+ driftstilskott tilsvarande 1 årsverk for privatpraktiserande.
- Psykiatrisk sjukepleiar 2,3 stillingar.
- Ergoterapeut 0,8 stilling.
- Kommunepsykolog 1,0 stilling (samarbeid med Øystre- og Vestre – Slidre).

### Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – drift

Vi kan oppleve endringar i tenestetilbodet knytt til asylmottaket i planperioden. Vidareutdanning i Kognitiv terapi (blir dekket delvis av tilskottsmidler Kompetanse og innovasjon)

### Oppsummering

Funksjonsområdet rammene med 301.000 kr (1,9%) kroner til totalt 15.934.000.

Den største auke kjem på dei kommunale samarbeida der jordmortenesta, kommunepsykolog og legevakt aukar med til saman 202.000 kr

---

## 8 SOSIALE TENESTER OG BARNEVERN

### 8.1 Råd , rettleiing og sosialt forebyggjande arbeid

NAV, sosialt førebyggjande arbeid (m.a. rusmiddelarbeid og skjenkeløyve/-kontroll), Hønefoss krisesenter (for kvinner og menn) og SMISO (Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep).

NAV Valdres er eit administrativt vertskommunesamarbeid med overføring av mynde til Nord-Aurdal som vertskommune, jf. kommunelova § 28 a, b og e. NAV er samlokalisert på Fagernes.

Driftsbudsjett og økonomiplan for NAV Valdres blir vedteke av vertskommunen, og stønadsbudsjett og deltakarkommunane sine løyvingar til NAV Valdres blir behandla i den einskilde deltakarkommune.

Budsjettet for NAV Valdres består av eitt «kontorbudsjett». I tillegg er det eitt tiltaksbudsjett for kvar kommune. Det er redusert inntekt frå staten som ikkje blir vidareført: kr. 680 000,- Det er ingen endringar i tiltaksbudsjetta.

Rusteamet i NAV blir avvikla. Ressursane overført til eit FACT-team (Flexibel assertive community treatment). NAV har framleis sjølvstendig ansvar overfor personar med rusproblem.

Førebyggjande team i Vang (tidl. Rusgruppa) skal styrke kompetansen og samordne ressursar blant lærarar, helse- og sosialpersonell, politi, kulturarbeidarar, frivillige organisasjonar og andre. Gruppa skal følgje opp arbeidet med å nå dei ruspolitiske måla, og ta initiativ og setje i verk tiltak som følgjer handlingsplan. Det er budsjettert kr. 15 000,- til førebyggjande team.

### 8.2 Tilbod til personer med rusproblem

Tiltak for rusmiddelmissbrukarar, m.a. institusjonsopphald, behandlingstiltak for rusmisbrukarar og ettervern.

Sosialtenesta og helsesyster har ansvar for at gravide rusmisbrukarar får rett behandling. Også innan psykisk helsevern er dette ei viktig oppgåve.

For NAV Valdres er rusteamet avvikla. 2 årsverk er overført frå NAV til nytt interkommunalt tiltak, FACT-team. Budsjetteknisk blir endringa gjennomført seinare i prosessen. Overføringa skal ikkje medføre høgare kostnader for samarbeidskommunane.

FACT-team er eit samarbeid mellom kommunehelsetenesten, NAV- arbeid og spesialisthelsetjenesten. FACT-teamet skal arbeide med oppfølging og behandling av personar med rus og/eller psykiske lidelsar. FACT-Valdres startar opp 01.01.2020.

Nord-Aurdal kommune har arbeidsgjveransvaret for to heile fagstillingar som kommunehelsetenesten skal bidra med inn i FACT-teamet. Desse stillingane blir oppretta ved overføring av to årsverk frå rusteamet i NAV, og medfører ingen ekstraavgift for kommunane. I tillegg blir det tilsett ein brukarspesialist i 40 % stilling, med Nord-Aurdal kommune som arbeidsgjevar. Stillinga som brukarspesialist er heilfinansiert av prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Innlandet.

Øvrige medlem i FACT-teamet blir tilsett i Sykehuset Innlandet. Sykehuset Innlandet er ansvarlege for drifta av heile FACT-teamet jamfør eiga samarbeidsavtale.

## 8.3 Barnevernteneste

### Sentrale føringar og utviklingstrekk

Felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre jobbar etter lov om barneverntenester. Hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Det har over fleire år vore ei statleg styrking av kommunale barnevernstenester, som har gått på stillingar. Vår teneste mottek statleg tilskot på ei stilling, dette utgjer ca kr. 700.000, det er pr. no ikkje kome signal om at dette ikkje skal halde fram i 2020.

### Status

Barnevernstenesta i Vang og Vestre Slidre er kvalitativt god, men den er liten og sårbar. Det er 5,7 årsverk, av dette 1 årsverk leiar og 0,4 merkantil ressurs. I tillegg har det i 2018 og 2019 vore 0,4 engasjementstilling denne er også lagt inn i budsjettet for 2020.

Valdreskommunane har jobba med utgreiing av akuttberedskap/barnevernvakt i 2018 og 2019. Ein er kome fram til at det blir inngått avtale om tenestekjøp frå Ringerike kommune frå 1.1.2020. Tiltaket er budsjettert med kr. 99000,- for Vang i 2020. Dette er ein reduksjon i fht det som var budsjettert for 2019.

Barnevernstenesta sin aktivitet blir til ein viss grad styrt av tal på mottekne bekymringsmeldingar, då alle mottekne meldingar skal vurderast og i mange tilfelle undersøkast. Vidare arbeid vil avhenge av omsorgssituasjonen.

Barneverntenesta har i 2019 hatt relativt lite sjukefråvær. Vi har hatt ei engasjement stilling på 40% dette året – dette har vore god hjelp og vi har ikkje leigd inn eksterne konsulentar for å ta saksbehandling, slik vi måtte i 2016 og 2017.

### Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet

Hjelpetiltak, plassar i senter for barn og familiar og tiltaksstillingar i barneverntenesta.

Her vil alle hjelpetiltak for barn som bur heime bli belasta. Her ønsker vi å ha ei så brei tiltaksvifte som mogleg i eiga teneste. Vi skiller i hovudsak mellom endringstiltak og kompenserande tiltak. Det vanlegast endringstiltaket er råd og rettleiing til foreldre. Dette blir i hovudsak utført av eigne barnevernkonsulentar, men kan og vera kjøp av tiltak eller innleige av eksterne rettleiarar.

Vi har og ein del oppdragstakarar lokalt som jobbar med endringsorienterte tiltak i heimane. t.d. heimkonsulentar, miljøarbeidarar.

Når det gjeld kompenserande tiltak er avlastning eit ofte nytta tiltak, støttekontakt og miljøarbeidar kan og bli nytta som kompenserande tiltak.

### Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet

Fosterheim, akuttplasseringar, institusjon, bufellesskap, hjelpetiltak i tillegg til plassering, tilsynsførar i fosterheim.

Her vert alle kostnader til plasseringar i fosterheim og institusjon samt ettervern for dei som har vore plasserte belasta.

Dette kan vera både frivillige plasseringar og plasseringar der kommunen har tatt over omsorgen. Som ettervern kan både fosterheim eller forsterka hybel vera tiltak.

---

Barn i fosterheim har oftast avlastning i tillegg. Det kan og vera behov for andre hjelpetiltak for dei som er plasserte, slik som t.d. støttekontakt, råd og rettleiing, desse tiltaka vil da bli kostnadsført på funksjon 252.

### **Bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar**

Kommunestyret gjorde i 2015 vedtak om å opprette eit bufellesskap for mindreårige flyktningar. I sak KS-052/15 sto mellom anna:

*Vang kommune busett einslege mindreårige born i bufellesskap i Gullringen. Det skal til ei kvar tid vera 6 born i bufellesskapet i perioda 2016-2019. Under skule- og kulturetaten ligg introduksjonssenteret , og ein ser fordelene av å legge bufellesskapet inn under denne avdelinga. Oppfylgingsansvaret av borna vert lagt til felles barnevern for kommunen.*

*Ein føresetnad er at tilskots - og refusjonsordningane ikkje vert redusert frå dagens nivå.*

Midlar til vidare drift er innarbeidd i budsjettet for 2020, og det samla statstilskotet til busetting av einslege mindreårige flyktningar sikrar full inndekning av driftsutgiftene til bufellesskapet i Gullringen.

Bemanninga i bufellesskapet utgjer våren 2020 til saman 255 stillingsprosent fordelt på 5 tilsette i turnus på kveld. Det arbeidar i tillegg ein burettleiar i 60% stilling med fleksibel arbeidstid gjennom Timeflex. Hausten 2020 må ein vurdere behov etter kor gutane befinn seg både fysisk og fagleg, og det er planlagt ein reduksjon i bemanninga. Kommunen vil vidareføre 60% burettleiar og vurdere å auke leiarkapasiteten frå 20% til 40%, innan den totale leiarressursen til leiar for Vang læringssenter.

5 av gutane går i vidaregåande opplæring og bur på hybel i kvardagen, og 1 bur i Vang. På ettermiddag og kveld deltek dei m.a. i fritidsaktivitetar med jamnaldrande.

### **Vesentlege endringar frå 2019 til 2020 – Drift**

| <b>Tiltak</b>                  | <b>Kostnad</b> |
|--------------------------------|----------------|
| Akutt beredskap                | -162 000 kr    |
| Redusert bemanning Bufelleskap | - 763 000 kr   |
| Husleige Bufelleskap           | 87 000 kr      |

### **Oppsummering**

Område reduserar rammene med 1 739 000 kroner (-10,8%), tilt totalt 7 781 000 kroner. Dette er knytt til at 5 av 6 bebuarar på bufelleskapet for einslege mindreårige flytter på hybel. Dette reduserar tilsettingsbehovet dramatisk. Total reduserar bufelleskapet budsjettet med 1 563 000 (28,7%). Det er og avslutta kjøp av institusjonsplasser som reduserar utgiftene med ytterligare 845 000 kroner.

## 9 HELSE- OG OMSORGSTENESTER, INSTITUSJONSLOKALE OG BUSTADER

### 9.1 Overordna målsetjingar

Utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.

Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.

Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.

Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.

Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.

God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.

### 9.2 Helse –og omsorgstenester i institusjon

Brukarretta oppgåver i samband med helse- og omsorgstenester i institusjon med langtids- og korttidsopphald, kjøken, vaskeri, aktivtør mv, medisinske forbruksvarer, tekniske hjelpemiddel, inventar og utstyr, administrasjon/leiing, opphaldsbetaling og betaling for utskrivingsklare sjukehuspasientar.

#### Mål og viktige planar

- Langtids-, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.
- Korttidsplassar for utgreiing, behandling, rehabilitering, lindrande behandling m v.
- Vidareutvikle samarbeid og god flyt mellom tenestane i Vang og VLMS.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale. Jobbe for større stillingar: Prøve ut kombinasjon helgestilling + vikarpool og ulike variantar av dette.
- Styrke leiarkompetansen gjennom kurs og utdanning
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs. Vidareføre bruk e-læring. Ta i bruk Kompetansebroen.
- Fagsystema Profil og Notus: Vurdere ulike former for velferdsteknologiske løysingar opp mot Profil.
- Arbeidsmiljø og HMS; kontinuerleg oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.
- Vidareutvikle brukarmedverking med brukarane og pårørande. Jf. Rettleiar for brukarmedverking i Vang kommune.

Vang kommune har 16 langtidsplassar og 10 korttidsplassar i institusjon. Korttidsplassane blir brukt til utgreiing, observasjon, behandling, lindrande behandling, rehabilitering og avlasting.

| Langtid        | Faggruppe                 | Årsverk      |
|----------------|---------------------------|--------------|
|                | Sjukepleiar / vernepleiar | 3,29         |
|                | Fagarbeidar               | 12,2         |
|                | Assistent                 | 0,9          |
|                |                           | <b>16,39</b> |
| Lærling        | helsefag                  | <b>2</b>     |
| Vikarbank      | Sjukepleiar               | 0,52         |
|                | Fagarbeidar               | 2            |
|                |                           | <b>2,52</b>  |
| Leiing         | Leiar langtid             | 1            |
|                | Rådgjevar                 | 1            |
|                |                           | <b>2</b>     |
|                | SUM LANGTID               | <b>22,91</b> |
| Korttid        | Sjukepleiar/vernepleiar   | 3,96         |
|                | Fagarbeidar               | 2,53         |
|                | Assistent                 | 0,44         |
|                | SUM KORTTID               | <b>6,93</b>  |
| Støttefunksjon | Kjøkken                   | <b>3,11</b>  |

Barneavlastinga knytt til Butilbod miljøtenesta 1,13 årsverk (denne ligg medrekna under personalberekninga ved Grindatun).

### 9.3 Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) – intermediæravdeling

Avdelinga har 9 intermediærplassar (mellom kommune og sjukehus) 2 observasjonssenger for legevakta somatikk/psykiatri (KommunalAkuttDøgnplass).

Vertskommunen melder om tilpassing til drift, budsjettert med samla inntektsauke på kr. 1500 000 i 2020. Dei viser elles til planlagt evaluering av intermediæravdelinga (Regionrådet 28.8.19).

### 9.4 Helse – og omsorgstenester til heimebuande

Praktisk bistand og opplæring, brukarstyrt personleg assistent (BPA), avlasting utanfor institusjon, omsorgsløn, helsetenester i heimen (heimesjukepleie, psykisk helseteneste mv.) og eigendelar for praktisk bistand og opplæring.

#### Mål og viktige planar

- Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.
- Tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov for å oppretthalde eigenomsorg lengst mogleg.
- *Praktisk bistand og hjelp i heimen* til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.
- Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.
- Vidareføre *Kreftsjukepleiarfunksjonen* i Vang kommune.

- *Avlasting* til pårørende med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine næraste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.
- Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.
- Prosjekt «*Redesign av tenestar i møte med framtidens utfordringar 2017-2019*» Nokre av delprosjekta blir vidareført iht. Stortingsmelding 15. Leve hele livet, og utviklast/gjennomførast stegvis:

1. Mestring og rehabilitering i Vang
2. Velferdsteknologi – 2020: anskaffelse av velferdsteknologi og etablering av platform etter regional plan i Valdres. Auke kompetanse om velferdsteknologi i praksis. Den digitale infrastrukturen må optimaliseres. Deltak i det nasjonale velferdsteknologiprojektet <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/velferdsteknologi3/nasjonalt-velferdsteknologiprogram/>
3. Fokus på høve til val og variasjon i ernæring, og å ivareta egne mattradisjonar.
  - Gjennomføre brukarundersøkingar kvart andre år: 2020
  - Oppfølging av Rettleiar for brukarmedverknad.
  - Innslagspunktet for refusjon for ressurskrevjande tenester blir på 1 320 000 kr, refusjonen uendra på 80 pst.
  - Øystre Slidre kjøper tenester av Vang kommune for ca. 1,3 mill. kr gjennom samarbeidsavtale.

## Årsverk

| Heimesjukepleie                                  | Faggruppe                     | Årsverk      |             |
|--------------------------------------------------|-------------------------------|--------------|-------------|
|                                                  | Sjukepleiar /vernepleiar      | 4,57         |             |
|                                                  | Fagarbeidar                   | 5,41         |             |
|                                                  | <i>Sum heimesjukepleie</i>    | <b>9,98</b>  |             |
| <b>Heimehjelp</b>                                | Assistent                     | <b>2,2</b>   |             |
| <b>Leiing</b>                                    | Leiar korttid og heimetenesta | 1            |             |
|                                                  | Merkantil                     | 0,5          |             |
|                                                  | <i>Sum leiing merkantil</i>   | <b>1,5</b>   |             |
|                                                  | <b>Sum heimetenestar</b>      | <b>13,68</b> |             |
| <b>Miljøtenesta</b>                              |                               |              | <b>2018</b> |
| Bakkehaugen                                      | Avdelingsleiar                | 0,4          |             |
|                                                  | Vernepleiar                   | 1,45         |             |
|                                                  | Fagarbeidar                   | 4,28         |             |
|                                                  | Assistent                     | 1,97         |             |
|                                                  | <i>Sum Bakkehaugen</i>        | <b>8,1</b>   | <b>7,88</b> |
| Grindatun<br>Barneavlastinga<br>Prestgardsstigen | Avdelingsleiar                | 0,6          |             |
|                                                  | Vernepleiar                   | 0,54         |             |
|                                                  | Fagarbeidar                   | 3,87         |             |
|                                                  | Assistent                     | 2,38         |             |
|                                                  | <i>Sum Grindatun m.fl.</i>    | <b>7,39</b>  | <b>9,46</b> |

|         |                         |              |              |
|---------|-------------------------|--------------|--------------|
| Leiging | Leiar miljøtenesta      | 1            | 1            |
|         | Merkantil               | 1            | 0,5          |
|         | Sum leiging merkantil   | 2            |              |
|         | <b>Sum miljøtenesta</b> | <b>17,49</b> | <b>18,84</b> |
|         | <b>SUM FUNKSJON 254</b> | <b>31,17</b> |              |

Tenestar til heimebuande vert administrert av leiar IHT miljøtenesten:

**Tiltak i heimen:**BPA (Brukerstyrt personleg assistent), PA (Personleg assistent – der kommunen administrerer ordninga), Praktisk bistand (miljøarbeid), ADL (trening av kvardagslege oppgåver) m.m. ca. **9** årsverk

**Støttekontaktar** 420 timar/mnd (**2,6** årsverk).

**Avlasting** 50 timar/mnd. (**0,3** årsverk).

**Omsorgsløn** 362 timar/mnd (**2,25** årsverk).

Støttekontakter – tenesten er vidareført uendra.

Avlasting - endra grunna lovendring av tenesten, og ein nyttar betaling for timar i staden for heile døgn. Dette gjev i utgangspunktet ei mykje dyrare teneste. Endring i behovet medfører ein mindre auke. Årsverk i «tiltak i heimen» er eigentleg ikkje auka, men ein har her take med ei sjølvstendig BPA ordning, som ikkje har vore medrekna på denne posten tidlegare. Ressursane er ikkje endra.

*Regional kreftkoordinator* er vidareført i drift 2020. Lønstilskottet frå Kreftforeininga var på 75% dei fyrste 2 åra. Tilskottet vart redusert til 60% i 2017, vidare til 40% i 2018 og 20% i 2019. Tilskottet er avslutta i 2020. Kreftkoordinator gjer ein viktig jobb med planlegging, utvikling og tilrettelegging på systemnivå, som støtte for kommunale kreftsjukepleiarar og i direkte arbeid med pasientar og pårørande. Regional kreftkoordinator er vidareført med 60% faststilling frå 20. Vang sin del utgjer kr. 45 200,-.

## 9.5 Institusjonslokale

Drift, vedlikehald og investeringar/påkostnader av institusjonar og bustader med pleie og omsorg heile døgeret – herunder reinhald, vaktmeister, brøyting, straum og kommunale avgifter for Vangsheimen og intermediearavdelinga ved Valdres lokalmedisinske senter.

### Mål og viktige planar

- Tilretteleggje butilbod for eldre og funksjonshemma.
- Utbetring jf. vernerundar for å tilfredsstille gjeldande krav.
- Naudsynt utskifting av inventar og utstyr
- Samle vaktmeistertenesta i teknisk etat.

| Faggruppe | Årsverk     |
|-----------|-------------|
| Reinhald  | 2,55        |
| Vaskeri   | 0,99        |
| Sum       | <b>3,54</b> |

Vangsheimen var 22 år i 2020, og behovet for vedlikehald aukar. Det er difor budsjettert med fleire vedlikehaldstiltak, og behov for utskifting av inventar og utstyr.

Bada på den eldste delen av Vangsheimen skal pussast opp i 2020.

VLMS-E – Eigedomsselskapet: Husleige til VLMS-E, kostnadar til reinhald, vedlikehald og vaktmestertenestar.

## 9.6 Bustader

Drift, vedlikehald og påkostnader/investeringar av bustader kommunen eig eller leiger; herunder omsorgsbustader, bustader til flyktningar og personalbustader. Leigeinntekter og planarbeid (t.d. bustadsosial handlingsplan).

### Mål og viktige planar

- Tilretteleggje butilbod for eldre, funksjonshemma og flyktningar.
- *Forsterka butilbod* ved Storplogen omsorgsbustader.
- Tydeleg ansvar- og oppgåvefordeling mellom leigetakar og utleigar.
- Tilby nye arbeidstakarar tilfredsstillande husvære.
- Arbeide for å gjere flyktningane sjølvstendige på bustadmarknaden i løpet av ansvarsperioden på fem år.
- Følgje opp tiltak og oppgåver i «Bustadpolitisk plan for Vang kommune» kap. 5.

### Behov for nye bueiningar i Vang?

*Det kjem ikkje så sjeldan opp at det er vanskar med å skaffe seg husvære i Vang . Dette er eit dårleg utgangspunkt når ei av dei største utfordringane for Vang kommune nettopp er å auke busettinga i kommunen.*

*Det har over tid vore fleire initiativ for å betre tilgangen på husvære i kommunen som aktivt søke opp og oppfordre til utleige, god marknadsføring av dei bueiningar som finst og forsøk på å få til nybygging. Det mest betydningsfulle enkelttiltaket er utan tvil Tveitabru Bygg AS si bygging av ca. 10 bueiningar for vidaresal.*

*Det har vore prøvd å få lokalt næringsliv til å bygge bueiningar for utleige, men utan at dette har gjeve resultat.*

Dette prosjektet har vore utsett grunna behov for avklaringar. Sak om Bustadpolitisk plan for Vang kommune med avklaringar i høve til bygging av bustader vart vedteken i juni 2019.

Områderegulering for Vang sentrum vart vedteken i 2018. Bemanningssituasjonen i kommunen har medført at det ikkje har vore kapasitet til å setje i gang prosjektering og bygging i 2019. Tiltaket er difor forskyve til 2020 og 2021.

### Tiltak som er med i økonomiplanen - investering

| Tiltak                                   | Kostnad    |
|------------------------------------------|------------|
| Ny bil heimesjukepleia                   | 400 000 kr |
| Ny vaskemaskin og tørketrommel vaskeriet | 182 000 kr |
| Velferdsteknologi                        | 285 000 kr |

Utgreiing/ prosjektering av bueiningar til  
utleige  
Bygging av utleigebueiningar 2021

1 200 000 kr

12 000 000 kr

### Oppsummering

Innan dette funksjonsområde er det eit totalbudsjett på 59.783.000 kroner, og har ei auke i budsjetttramma frå 2019 på 1.188.620 kroner (2,0%).

## 10 ARBEIDSRETTA TILTAK OG ØKONOMISK HJELP

### 10.1 Arbeidsretta tiltak

Sysselsetjingstiltak for arbeidsledige og for yrkes-/utviklingshemma, praksisplassar og tilskot til bedrifter – herunder VTA.

#### Mål og viktige planar

- Gje eit tilrettelagt arbeids- og aktivitetstilbod til personar med endra funksjonsnivå.
- Oppfølging av Lund Arbeidsbase aktivitetar og produksjon innan dei aktuelle områda.

| Faggruppe      | Årsverk |
|----------------|---------|
| Avdelingsleiar | 1       |

statusrapporten for med fokus på gode fornuftig, bærekraftig
- Vurdere moglege samhandlingsprosjekt for dei ulike avdelingane som har tilhald på Lund.

Lund Arbeidsbase har i dag 5 VTA-plassar. Dette gjev litt høgare refusjon for drift av tiltaksplassane til Vang kommune, men og ei litt større utgift til avlønning/bonus for arbeidtakarane. Det er venteliste på VTA plassane i Vang, noko som er svært positivt. VTA er Equass-godkjent i 3 år – (European quality in social services), ei anerkjent miljøsertifisering.

Fokusområde i 2020 er:

Vidare utviklingsarbeid med samarbeidspartnarar, som blant anna Valdres arbeidssenter, Bufar, HAPRO og NAV.

Målsetjinga er å sikre kontinuitet i drift og gode tenestar både for brukarar og kundar. Avdelinga er på god veg mot målsetting om eit enno meir utvida tilbod og samarbeid med fleire aktørar, som følgje av naturleg utvikling av blant anna arbeidsoppgåver. Det skal byggast vedlager. Det er behov for oppgradering av verneutstyr for dei som arbeidar ved Lund.

### 10.2 Introduksjonsordninga

Flyktningtenesta med introduksjonsordninga og busetjing av flyktningar (utanom norskopplæring): Integreringstiltak, tilrettelegging og inntekter/utgifter knytt til introduksjonslova.

Introduksjonsprogrammet kan vare inntil to år (introduksjonsperioden), med høve for eitt ekstra år. Flyktningtenesta har også medansvar for busette flyktningar i samarbeid med NAV og andre kommunale tenester i fem år (ansvarsperioden).

Utgifter og inntekter knytt til flyktningtenesta blir også ført på funksjon 265 bustader.

Flyktingtenesta har tilhald ved Vang læringssenter på Lund og er organisatorisk lagt til oppvekst, kultur og integreringsetaten.

### Mål og viktige planar

- Kvalifisere flyktingar til aktiv deltaking i yrkes- og samfunnsliv i løpet av introduksjons- og ansvarsperioden i samarbeid med NAV.
- Bidra til busetjing i tråd med politiske vedtak.
- Økonomisk sjølvstende hjå deltakarane etter fullført introduksjonsprogram.

I arbeidet med å legge til rette for at busette flyktingar som er ferdig med introduksjonsprogrammet skal bli i Vang, få jobb og eit sosialt nettverk er det viktig å vidareføre dei gode erfaringane me i Vang kommune har gjort med prosjektet *integrerende arbeidsliv*. Viktige samarbeidspartar i fortsettinga med dette arbeidet er:

- NAV
- Frivilligsentralen
- Vang læringssenter/flyktingtenesta
- Innovangsjon

God tilrettelegging for flyktingar krev godt samarbeid. I Vang har vi gode erfaringar med å samarbeide gjennom det lokalt oppretta **integrasjonsforumet** som er samansett av leiar for frivilligsentralen, biblioteksjefen, helsesøster, leiar av læringssenteret, etatsleiar, representant frå grunnskulen, frå barnehagane, frå Vang mottakssenter og frå Vang næringsforum. Avhengig av tema blir også andre aktuelle samarbeidspartar invitert til møte i forumet.

## 10.3 Kvalifiseringsordninga

Kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad med heimel i sosialtenestelova: Sjølv kvalifiseringsstønaden, og organisering, tilrettelegging, utbetaling, og tiltaks- og oppfølgingskostnader.

Kvalifiseringsprogrammet gjeld for personar i yrkesaktiv alder med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne og ingen eller svært avgrensa ytingar til livsopphald. Programmet høyrer til NAV Valdres sitt ansvarsområde.

I tiltaksbudsjettet er budsjettet for kvalifiseringsprogrammet auka for å ta omsyn til ei auke i grunnbeløpet i folketrygda med 1,2%.

## 10.4 Økonomisk sosialhjelp

Alle ytingar til økonomisk sosialhjelp som er heimla i lov om sosiale tenestar i arbeids- og velferdsforvaltinga §§18 og 19 blir ført her.

Økonomisk sosialhjelp har ein litt negativ utvikling i Vang kommune

Den er pr. no i 2019 på same nivå som i 2015. Det var ein nedgang i 2016 og 2017 (hhv 911' og 977') medan den auka til 1625' i 2018 og er no på 1400'.

Talet på sosialhjelpsmottakarar har vore stabilt på litt over 40 personar, med unntak av 2016, då det var nede i 29.

---

Frå 2018 til 2019 har andelen med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt auka frå 33% til 46% (jan – aug).

Talet på unge sosialhjelpsmottakarar har gått ned frå 2015 (10) til under 5 i '16 og 17', med ei lita auke att i 2018 (5).

Det er ein litt mindre del av dei som har motteke sosialhjelp i 2019 som er busette etter avtale med IMDI, men dei står for ein større del av utgiftene.

Det er ikkje kome signal frå NAV om at dette vil endre seg i 2020. Det er likevel slik at det kjem svært få flyktningar til kommunen. Dersom det held fram slik, blir denne gruppa borte.

## 10.5 Hjelp til eigen bustad

Bustadformidling og Husbanken sine verkemiddel (etableringslån, formidlingslån, bustønad, tilskot til utbetring av bustad) mv.

Vang kommune har midlar på fond til ulike verkemiddel: Etableringslån kr. 400 000,-

Til utbetring av bustad kr. 150.000,-. Startlån kr. 500 000,-.

### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

| Tiltak                                      | Kostnad    |
|---------------------------------------------|------------|
| Vedlager Lund arbeidsbase overført frå 2019 | 400 000 kr |
| Utsifting av bil og Lund-bussen             | 500 000 kr |

## 11 ANDRE TENESTER

### 11.1 Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde

Kommunale tilskott til private vegar som er 78.000 kr årleg finansiert av næringsfond i drift .  
Karrieresenteret i Valdres

Senteret skal gje tilbod om karriererettleiing, og arbeide for betre gjennomføring av vidaregåande opplæring. Målgruppa omfattar vaksne i og utanfor arbeid, dei som skiftar arbeid og dei med behov for vidareutdanning. Karrieresenteret ynskjer også å vera ein ressurs for utdannings- og yrkesrådgjevarar. Andre i målgruppa er t.d. studentar med behov for karriererettleiing og føretak i omstilling med behov for kompetanseutvikling. Karrieresenteret har eit årleg budsjett på 700 000 kr, der Oppland fylkeskommune dekkjer 2/3. 1/3 er fordelt mellom kommunane etter folketal, der Vang sin del utgjer 21 000 kr.

## 12 Fysisk planlegging , bustadbygging og næring

### 12.1 Plansaksbehandling

Utarbeiding, behandling, kontroll og konsekvensutgreiingar av planar etter plan- og bygningslova.

## Overordna mål:

*Langsiktige arealstrategiar skal byggje på overordna mål og strategiar for samfunns-utviklinga, og leggje føringar og rammer for arealplanlegging, utbygging og andre areal- og naturbruksspørsmål. Vang kommune vil vera restriktiv til nedbygging av dyrka mark. Der arealbehov kan løysast på alternative måtar, bør alternativ som ikkje rører dyrka mark som hovudregel veljast.*

*Dersom det er store samfunnsinteresser, utan fullgode alternativ til å bygge ned dyrka mark, skal ein søkje å finne erstatningsjord gjennom nydyrking. Gode skogsbonitetar bør skjermast frå nedbygging, med oppfordring til aktiv skogsskjøtsel.*

## Mål og viktige planar

Frå 1.januar 2020 vil planressursane i kommunen vere 2 årsverk.

Planstrategi 2016-2019 (Sak KS 34/16) legg føringar for planprioriteringa og –behandling. Planstrategien legg til grunn at det er viktig å arbeide mot målsettingane i kommuneplanen. Folkehelse, klima, energi og miljø, universell utforming og samfunnssikring er målsettingar frå samfunnsdelen som skal *gjennomsyre* alle dei kommunale planane. Fokuspunkt i planstrategien er næringsutvikling, sentrumsutvikling, bustadsituasjonen i kommunen og vassmiljø, energi og klima for perioden.

I 2020 har avdelinga fylgjande kjente planoppgåver. Her er det òg gjeve eit forsiktig anslag på månadsverk dei ulike oppgåvene vil krevje:

| Plan                                                                    | Status i planstrategi | Minimumsanslag av månadsverk |
|-------------------------------------------------------------------------|-----------------------|------------------------------|
| Planstrategi 2020-2024                                                  | -                     | 3                            |
| Sti- og løypeplan Tyinkrysset                                           | -                     | 3                            |
| Kommunedelplan Klima og Energi                                          | 2018/2019             | 4                            |
| Kommunedelplan Trafikktryggleik                                         | 2017                  | 4                            |
| Kommunedelplan Tyinkrysset                                              | 2016-2017             | 2 <sup>2</sup>               |
| Øyebakkin                                                               | 2016-2017             | 1                            |
| Behandling av private reguleringsplanar                                 | -                     | 6 <sup>1</sup>               |
| Reguleringsplanar E16                                                   | -                     | 1,5                          |
| Planlegging/prosjektering av bueiningar til utleige jf. funksjonsområde |                       | 1                            |
| Andre daglege oppgåver                                                  | -                     | 4                            |
| <b>Sum månadsverk</b>                                                   |                       | <b>29,5</b>                  |

<sup>1</sup> Anslaget er basert på 4-5 private planar i prosess pr. år

<sup>2</sup> Kommunedelplan vedteken i 2019, men ein ser at vedtaket kan krevje etterarbeid.

For å kunne dekke lovpålagte krav, oppretthalde god forvaltningsskikk, fylgje planstrategien og leggje til rette for ynskja utvikling, ser ein stor hjelp i at ressursane til plan vart auka frå 1,4 årsverk til 2 årsverk i 2019. Den tilsette som hadde 0,4 årsverk på plan slutta 1. juni 2019 og det vart tilsett ny arealplanleggjar i full stilling frå september 2019. Ein arealplanleggjar er ute i 80% foreldrepermisjon frå august til og med november.

---

Når ein har vedteke planar som sikrar ynskja utvikling i Vang sentrum, og ikkje minst på Tyinkrysset, vil dette løyse ut enda fleire planoppgåver. I tillegg til dette er det 9 eller 10 private reguleringsplanar i ein eller anna prosess, som er kjent for kommunen. Arbeidet med ny planstrategi skal startast opp i 2020, og frå plansida meiner vi det òg er naudsynt med ei temarevidering av kommuneplanen i neste periode.

Frå regionalt og nasjonalt hald blir det stilt strengare krav til kommunen si planlegging, både med tanke på tidsfristar og tilhøve ein skal vurdere i ein planprosess.

Det er i dei siste to åra gjort prioriteringar på kva som skal vera satsingsområda til kommunen, men stadige omkampar av desse krev ressursar. Utan gode og føreseielege prioriteringar får private planforslag automatisk prioritert grunna krav til saksbehandlingstid og press frå utbyggarane. Om kommunen går over lovpålagt krav til saksbehandlingstid, avkortast heimelen til å krevje gebyr.

## 12.2 Byggesaksbehandling og seksjonering

- Saksbehandling etter plan- og bygningslova (byggjesaksbehandling): Byggesøknadar, tilsyn i byggesaker, dispensasjonssøknadar, oppretting eller endring av eigedom (delingsløyve), ekspropriasjon og klagebehandling mv.
- Saksbehandling etter lov om eigarseksjonar.
- Saksbehandling av utsleppsløyver etter forureiningslova.
- Føring av opplysningar i matrikkelen i tilknytning til byggjesaksbehandling og eigarseksjonering.

### Mål og viktige planar

Kommunen har per 1. januar 2020 1,8 årsverk til oppgåver innafor byggesaksbehandling. Eitt årsverk er ei midlertidig stilling i eitt år fram til 1. juni 2020. Det blir føresett at denne blir gjort fast. Det var 1,2 årsverk fast fram til 1. juni 2019. 0,4 årsverk av dette var delar av ei heil, fast stilling kombinert med 0,4 arealplan og 0,2 beredskap. Vedkomande som hadde denne stillinga slutta 1. juni 2019, og det vart då lyst ut to fulle stillingar, ei fast på arealplan og ei midlertidig stilling som byggesaksbehandliar i eitt år med mogleheit for fast tilsetjing. Det er heilt avgjerande for å kunne behandle byggesøknadar o.a. etter lovpålagte krav at denne blir vidareført. Stillingsheimlane her har variert mellom 1,2 og 1,6 årsverk dei siste par tiåra.

Kommunen er pålagt å halde fristar for saksbehandlingstid i byggje- og delesaker, fylgje opp entreprenørar for krav til dokumentasjon i byggesøknad, føre tilsyn/fylgje opp ulovlege tiltak i tråd med pbl §§ 25-1 og 25-2, og utarbeide tilsynsstrategi med tilsynsrapport, jfr. Byggesaksforskrifta §§ 15-1 og 15-2

Byggjeaktiviteten er framleis ganske høg, med saksmengd om lag som dei siste åra. Det er eit stort arbeidspress, lang behandlingstid og mange uløyste oppgåver innafor avdelinga. Det har ikkje vore tid til å utføre lovpålagde tilsyn med føretak i byggesaker. Det har over fleire år vore arbeidd med å få til ei felles tilsynsavdeling for dette føremålet i Valdres, på lik line med felles brannførbyggjande avdeling (som utfører lovpålagde brannstilsyn), men dette har ikkje ført fram.

Ulovlegheitsoppfølging er svært ressurskrevjande og tek meir og meir av tida ved avdelinga.

Det vert stilt stadig større krav til kommunen om ajourføring av tiltaksbaser og matrikkulering av vedtak. Nye forskrifter og lover set større krav til vurderinga av søknader og sikringstiltak.

Arbeidet med seksjonering ligg til stilling for kart og oppmåling, men krev samråding med byggesak. Råderettsgrenser («eksklusiv bruksrett til deler av tomte») krev oppmålingsforretning etter matrikkelloven.

Seksjonering av leiligheter og fritidsbustader krev mykje oppfylgjing, sidan kommunen i stor grad må sende melding om manglar og rettleie. Ekstra utfordrande er reseksjonering av allereie seksjonerte bygg med mange bueiningar – pga. pant, hefte, mange seksjonseigarar og kredittinstitusjonar som må signere slettingsdokument. Lang saksbehandlingstid og lite sentral rettleiing tilgjengeleg.

Byggesaksavdelinga er langt på veg sjølvfinansierande ved gebyrinntekter (avhengig av byggeaktiviteten frå år til år), og auka kapasitet til utføring av tilsyn og ulovlegheitsoppfølging vil også kunne gje auka gebyrinntekter.

### 12.3 Kart og oppmåling

- Drift av felles kartsystem (felles GIS-konsulent i Valdres), prioritering av områder for ajourføring og nykartlegging (grunnkart, ortofoto, laserdata m.fl) i samarbeid med Kartverket Hamar og øvrige kommunar i Valdres (Geodataplan/geovekstprosjekt)
- Føring av Matrikkelen (eigedomskart og eigedomsregister) - nye tomter, endringar/rettingar i eksisterande eigedomsgrenser og komplettering av matrikkelen med grunneigedomar (gnr/bnr) som ikkje er registrert. Dekningsgraden for Vang er 94,3 % - målet er nær 100%.
- Matrikkelføring av avslutta jordskiftesaker og grunnnerv/grenser etter avslutta vegbygging.
- Oppmålingsforretningar etter matrikkellova – nye tomter som følgje av delevedtak og nye reguleringsplaner. Oppmåling av eldre, umålte eigedomar samt grensejusteringar og arealoverføringar (større tillegg enn 5% av tomte) og uteareal til seksjonar.
- Adresstildeling ved nye tomter eller bueiningar, forvalting og anna saksbehandling etter matrikkellova. Namn på nye vegar (typisk ved nye reguleringsplaner). Krev drøfting i lokal stadnamnemnd, offentleg høyring og vedtak i kommunestyret. Prosessen kan med fordel samkøyrast med planhøyringar.

#### Mål og viktige planar

- Gjennomføre matrikulering innafor tidsfristen på 16 veker.
- Forbetre dekningsgrad og kvalitet i matrikkelen.
- Fullføre registreringane (og innmåling) av gamle kraftinstallasjonar med eigne gnr/bnr (tomter frå 1940-1980).
- Framskaffe ressursar til å komme ajour med matrikkelføring av grenser mot ny/endra veg.
- Sak/arkiv skal spegle milepelar og dokumentasjonskrav som fylgjer av matrikkellova.
- Følgje opp felles geodataoppgåver i samarbeid med Statens kartverk og dei andre kommunane i Valdres.
- Oppfølging av avtalefesta ajourføring av samtlege kartbasar.
- Gode rutinar for namngjeving av nye vegar koordinert med høyring av nye arealplanar. Gode rutinar for adresstildeling koordinert med nye byggjeløyve, seksjonering o.a.
- Følgje opp at undersøkingsplikt knytt til rettar, hefte, vilkår/uråderett i tilstrekkeleg grad er klargjort før frådeling.

---

## 12.4 Bustadutbygging og bumiljø

Utbyggingsområde, kostnader til bustadføreml og fysiske bumiljøtiltak, investeringar.

### Mål og viktige planar

Ledige, attraktive bustadtomter i alle kommunedelane.

Det er nesten ikkje att ledige, attraktive tomter i Tyinkrysset, Hensåsen og i Ryfoss.

I det nye bustadfeltet på Hensåsen er det godkjent va-plan (infiltrasjon i grunnen), og det er bygt bustader på tre av tomtene og ei er under bygging.

### Utviding av Ryfoss bustadfelt

Med utgangspunkt i gjeldande reguleringsplan vart det laga eit kostnadsoverslag for utviding av Ryfoss bustadfelt. Dei to alternative utbyggingane X og Y har eit førebels kostnadsoverslag på:

Alternativ X; Infrastruktur for tilrettelegging av tomtene A1 til B23 er kostnadsrekna til 22 mill. kr eks.mva.

Alternativ Y; infrastruktur for tilrettelegging av tomtene C26 til C54 er kostnadsrekna til 43 mill. kr eks. mva.

## 12.5 Kommunale næringsverksemd

Kommuneskogen har 3 teigar på samla 900 daa. Skogen har eigen driftsplan. Hogst prøver ein å samkøyre med hogst i andre teigar. Lite økonomisk omfang, og det budsjetterast ikkje for denne aktiviteten som i all hovudsak gjev eit lite overskot kvart år.

Vang Energiverk KF har eige budsjett og rekneskap.

## 12.6 Konsesjonsavgift og anna kraft for vidaresal

Konsesjonskraftinntekter, inntekter frå avtalekraft og heimfallsinntekter.

Kontingent til Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)

### Mål og viktige planar

I samarbeid med Vang Energiverk KF og JotunKraft AS arbeide for:

- størst mogleg gevinst på sal av kommunen sine kraftressursar
- aktiv bruk av kraftressursane med tanke på tilrettelegging for næringsutvikling.

Det er ført opp 2 mill. kr i fallerstatningar frå Oppland Energiverk. Desse overslaga er usikre: Delar av inntektene er avhengig av m.a. marknadsutviklinga for elkraft, skattereglar og faktisk produksjon i kraftverka Ylja og Kalvedalen.

Gevinsten på konsesjonskraft er budsjettert med 7 500 000 kroner kr i 2020, og held seg rimelig stabilt til 2022.

Gevinsten kan bli endra som følge av prisutviklinga, endring i skattereglar for kraftverka, prisen ved faktisk overtaking av fysisk kvantum, og/eller endringar i sjølvkosten (prisen kommunen betalar for krafta) eller forbruk i kommunen som avgjer omfang på uttaket.

Kostnader med gratiskraft, fastpris og fallerstatningar til grunneigarar blir dekt i Vang Energiverk KF/Jotun Kraft AS sine rekneskap.

Prisen på straum vil naturleg også påverke grunnlaget for eigaruttak. Med utsikter til aukande straumpris, blir sjølv sagt også tilhøva for eigaruttak betra. I tråd med tidlegare føresetnad er eigaruttaket halde på 4 mill. kr årleg frå 2017. Renter av ansvarleg lån i Vang Energiverk KF inngår i funksjon 870 med 700 000 kr.

Kommunen tek ut disponibel kraft (i tillegg til konsesjonskraft) til eigne bygg til sjølvkost.

## 12.7 Næringsutvikling

Utbyggingsområde og utleigelokale for næringsverksemd, næringsstøtte, konsesjonsavgifter, næringsfond, råd/rettleiing og servicetenester for næringslivet og tilskot til Innovangsjon.

### 12.7.1 Overordna mål:

*Vang kommune skal prioritere arbeidet med næringsutvikling, med særlig vekt på variert og konkurransedyktig næringsliv. Det skal også fokuserast på vidareutvikling av reiselivsnæringa mot ein nasjonal og internasjonal marknad. Det er ein målsetting at Vang skal framstå som ein ekte reiselivskommune, der byda si historie og kulturlandskap blir eit viktig konkurransefortrinn. Det er ynskjelig med knoppskyting av eksisterande bedrifter og nyetablering og samarbeid mellom landbruk og reiseliv. Fremjing av kompetanse-arbeidsplassar og entreprenørskap er eit satsingsområde for å få utdanna arbeidstakarar til å busette seg i Vang.*

#### Mål og viktige planar

- Stimulere til at næringslivet framleis organiserer seg sjølv og tek ansvar for felles oppgåver (t.d. Vang Utvikling og Vang næringsforum).
- Betre utnytting av utmarksressursane i kommunen.
- Samarbeid mellom reiselivsnæring og grunneigarar.
- Satse på indirekte næringsutvikling ved
  - samordning av kommunen sine tenester i høve til næringslivet sine behov (saksbehandling, praktisering av lover og reglar, prising av tenester mv).
  - gode rammevilkår for folk sin bu- og kvardagssituasjon/folkehelseperspektivet (barnehage- og skuletilbod, tomt/bustad, fritid mv).
- Størst megle grad av måloppnåing i forhold til kommuneplanen innan området næringsutvikling og sysselsetting.
- Utfordre og trekkje med aktuelle aktørar i arbeidet med næringsutvikling, m.a. hytteigarar og Innovangsjon.

#### Direkte næringsutvikling

- Økonomiske tilskot (inntil 775 000 kroner)
- Rettleiing/rådgeving og kontaktformidling ved bedriftsutvikling og etablering
- Stimulere til samarbeid og idéskapning.
- Tilbod om nettverksbygging og kompetansebygging i næringslivet.

---

### Indirekte næringsutvikling

- Samordning og tilrettelegging for næringslivet gjennom all verksemd i kommunen.
- Utbygging av infrastruktur.

### Intern service

Arbeide aktivt internt i kommunen for å betre servicen overfor næringsliv og innbyggjarar der dette er mogeleg/ynskjeleg og i tråd med kommuneplanen.

### Informasjon og marknadsføring

- Kommunen si heimeside. Heimesida er sidan 01.12.17 tilpassa format for mobil og nettbrett. Det arbeidast aktivt med å digitalisere dei fleste skjema i kommunen.
- Bruk og distribusjon av kommunen sitt informasjonsmaterieil, som på ein positiv måte informerer om kommunen sine kvalitetar mv.
- Saman med Innovangsjon, Visit Valdres og Vang, Tyin og Filefjell Reiseliv (og gjerne fleire samarbeidspartnarar) marknadsføre kommunen ved deltaking på messer, næringsseminar mv.

### 12.7.2 Innovangsjon SA

Kommunestyret vedtok å tilføre ressursar til Innovangsjon for 2012 og 2013, i staden for midlar til tilskotsordninga til næringsutvikling (KS-108/11). Etter ny søknad og vedtak i sak FS-42/2013 og sak KS-73/2013 vart ordninga i all hovudsak vidareført, men Innovangsjon vart beden om å ha sterkare fokus på landbruket, og at dei skal vere budde på oppfølging ved at kommunen ikkje lenger har særskilt tilsett næringsmedarbeidar.

Innovangsjon får tilskot til ein andel av to fulltidsstillingar frå Vang kommune. I brev av 12.09.2017 søker Innovangsjon om å få auka lønsbidraget frå 1,3 mill. i år til 1,408 mill. i 2018 og 2019. I brev av 02.10.19 søker Innovangsjon om å få auka tilskotet til 1,605 mill. i 2019, med ein indeksjustering for prisvekst i 2021 – 2023. Rådmannen har i sitt budsjettframlegg for 2020 og 2021 lagt inn 1,5 mill. pr år til Innovangsjon SA.

### Hovudmål for Innovangsjon SA

1. **1724 i 2020:** Vang skal i innan 2020 ha like mange innbyggjarar som høgda på Grindad`n. Dette inneber ein auke på 127 personar frå 1.1.2013.
2. **10 nye arbeidsplassar kvart år:** Kvart år skal 10 nye arbeidsplassar etablerast i Vang.
3. **Levande møteplassar for bedrifter og privatpersonar:**  
Gode møteplassar er viktig for trivsel, samhald og utvikling. Innovangsjon skal jobbe for at bedrifter og einskildpersonar har gode og engasjerande arenaer å møtast på.

**Kontorfellesskapet 1724 SA** leiger kontorlokale i Vangstunet på ca. 250 m<sup>2</sup> med husleige etter inngått avtale. Dei har meldt behov for meir areal. Dette er til vurdering saman med andre behov mellom anna i forhold til tidlegare NAV- lokale som blir ledige frå 01.03.2019. Det har elles fått utvida tilgang til møterom i Vangstunet.

### Visit Valdres

Det vurderast ein endra samarbeidsavtale og finansieringsmodell for kommunane overfor Visit Valdres. I regionstyret, sak 58 i møte 08.10.2018 vart imidlertid eit forslag utsett for nærare vurdering av spesielt forholdet til EØS- regelverket om støtte. Dette avklarast nærare innan 1. halvår 2019 slik at ny samarbeidsavtale og finansieringsmodell for Visit Valdres kan gjelde frå 2020.

## 12.8 Næringsfondet

Kommunen har næringsfond med samla hovudstol på 91,272 mill. kr, som følgje av statlege vedtak om tilståing av næringsfond i samanheng med vasskraftutbygging og seinare kommunestyrevedtak.

Det er i 2020 budsjettert 24,2 mill. kr i konsesjonsavgifter ( indeksjustert i 2019) . Indeksauken var anslått til 3,2 millionar kroner. Saman med renteinntekter/ avkasting skal desse midlane avsetjast og brukast etter standardvedtekter for kommunale næringsfond. Som følgje av lågt rentenivå og låg behaldning er det ikkje budsjettert med tilbakeføring av renteinntekter til næringsfondet.

## 12.9 Landbruk

### Overordna mål:

*Vang kommune skal leggje til rette for eit fortsatt aktivt landbruk, med særlig vekt på landbruk som hovudnæring i Vang. Det skal og leggjast vekt på kulturlandskap og lokal byggjeskikk, busetting, utmarksressursar, lokal ressursutnytting og vidareforedling, stølsdrift og næringskombinasjonar.*

- Saksbehandling og rettleiing etter jordlova, skogbrukslova, konsesjonslova, odelslova, forpaktingslova og andre landbruksrelaterte lover.
- Forvaltning og kontroll av økonomiske verkemiddel i landbruket.
- Landbruk og jordvern i saker etter plan- og bygningslova.
- Saksbehandling og rettleiing knytt til miljø- og klimaarbeid i landbruket.
- Næringsutvikling knytt til investeringar i tradisjonelt landbruk og andre bygdenæringar. Søknader om IBU-midlar.
- Plan- utviklings- og tilretteleggingsarbeid for landbruk og landbruksbasert næringsverksemd, herunder jord- og skogbruk, økologisk landbruk og andre bygdenæringar.

### Mål og viktige planar

- Betre utnytting av utmarksressursane. Samarbeid mellom reiseliv og grunneigarar.
- Halde oppe dagens landbruksproduksjonar og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar med aktuelle tilleggsnæringar.
- Kartlegging av beiteressurane i kommunen

Her inngår landbrukskontoret og tilskot til landbruksføremål. Totalt 770 000 kroner i året.

Ein medarbeidar på landbrukskontoret har permisjon i 20 pst. stilling inntil vidare. Denne delen blir ståande ubesett. Ein medarbeidar har sagt opp stillinga frå 1. mars 2020, pga. oppnådd aldersgrense. Det vil bli tilsett ny medarbeidar. Ansvarsoppgåver kan bli endra frå dagens ut frå kompetanse til søkjar. Ansvarsområde for miljø og behandling av motorferdselsaker vil bli overført frå oppvekst/kultur til Landbruk/teknisk frå 2020, og kan bli vurdert lagt til denne stillinga.

Tomleøygarden (pelsdyrfarm) har grunnlag for tre driftseiningar. Ut frå økonomiske og politiske signal bør ein drøfta alternativ bruk av dette næringsarealet. For tida er ingen pelsdyrfarm i bruk.

Sumaren 2016 utførte NIBIO vegetasjonskartlegging i Øvre Dalen og Øye Vestfjell i samband med utarbeiding av beitebruksplan som er eit samarbeid med beitelaga og fagлага. Rapporten vart framlagt av NIBIO i september 2017. Konklusjonen er at det er svært gode beite i Øvre Dalen og Øye Vestfjell.

Det er viktig no å få kartlagt fleire beiteområder. Planen er å leggje inn areal og kostnad i ein 3-års periode slik at ein får kartlagt resten av kommunen. I samråd med Austvang, Høre og Vang beitelaga har ein fått tilbod frå NIBIO med eit kostnadsoverslag på kr 688 500 u.mva for kartlegging resten av kommunen. Totalarealet som vil bli kartlagt er 253 km<sup>2</sup>. Dette vil vera eit 3 årig prosjekt. Kommunen i samarbeid med beitelaga har søkt Fylkesmannen i Innlandet om tilskott. Her har ein fått tilsegn på kr 55 000 for investeringstiltak i beiteområder og kr 200 000 for utrednings- og tilretteleggingsmidlar, totalt kr 255 000. Det er og søkt midlar gjennom prosjektet « "Fjellandbrukessatsingen Innlandet 2019-2020". Her er det ikkje kome svar på søknaden pr. dags dato. Vegetasjonskartlegginga er eit tiltak i Beitebruksplanen som var godkjent av kommunestyret i juni 2019. Vegetasjonskartlegginga er og med på synlegjera verdien, dokumentere bruken av beite, og skape forståing for beitenæringa. Beitebruksplanen er ein del av landbruksplanen og kommunedelplanen sin arealdel. For beitenæringa kan planen bidra til framtidsretta og rasjonell beitebruk. Dette er spesielt viktig i høve til utbygging av hytteområde, rovviltforvaltning og endringar i husdyrhaldet.

Fellingslaget for rovvilt er kommunalt, og vil ha behov for trening og skolering, samt deltaking på møter/kurs framover. Ein ser det er nødvendig å ha kr 15 000 i budsjettet.

Satsane for utarbeiding av gjødslingsplanar vert uendra.

Behandlingsgebyr for delingssaker som vert behandla berre etter jordlova er fastsett av staten (inntil 2 000 kr). For saker som vert behandla både etter jordlova og plan- og bygningslova er det dei kommunale satsane som skal nyttast.

#### Vesentlege endringar frå 2019 til 2020 – Drift

| Tiltak                                                  | Kostnad       |
|---------------------------------------------------------|---------------|
| Vidareføring av midl. stilling byggesak i fast stilling | 250 000 kr    |
| Omfordeling av IKT kostnader                            | 75 000 kr     |
| Kommunedelplan for klima og energi                      | 100 000 kr    |
| Omfordeling av IKT kostnader                            | 18 000 kr     |
| Auka konsesjonskraftgevinst                             | -1 200 000 kr |
| Auka konsesjonskraftavgift                              | -2 900 000 kr |

#### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

| Tiltak                 | Kostnad       | År   |
|------------------------|---------------|------|
| Bustadfelt i Ryfoss    | 5 000 000 kr  | 2021 |
| Vegetasjonskartlegging | 229 500 kr    | 2021 |
| Vegetasjonskartlegging | 229 500 kr    | 2022 |
| Bustadfelt i Ryfoss    | 15 000 000 kr | 2020 |

## 13 SAMFERDSLE

### 13.1 Kommunale vegar

Drift, vedlikehald, påkostnader og nyanlegg av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, veg- og gatelys, og andre tiltak for miljø og tryggleik for mjuke trafikantar.

#### Mål og viktige planar

- Planmessig opprusting av kommunale vegar.
- Godkjent trafikktryggleiksplan skal følgjast opp.
- Godkjenning som «Trafikksikker kommune» i 2020

Lastebilen med kran er ein 2000 modell. Denne er også snart moden for utskifting. Det kan vise seg at det blir vanskeleg å få sertifisert krana. Utskifting er derfor ført opp med 1 500 000 kr i 2020.

Traktoren er ein 2002 modell som no har gått omtrent 10 000 timar og må også etter kvart skiftast ut. Kostnad 800 000 kr i 2021.

Bilen til uteetaten er ein 2005 modell. Utskifting foreslått med 500 000 kr i 2022.

Dersom det brått skulle oppstå behov for store påkostningar på bilar eller traktor, må ein vera viljug til å framskande kjøpet.

Vegen gjennom Lundsmarka bustadfelt byrjar no å bli nedslitt. Det har i seinare år vore grave over vegen fleire stader seinast no i haust i forbindelse med legging av fiber. Difor vore det ynskjelig med nytt asfaldtekkje på heile vegen. Det er og behov nokre stader å få skifta ut masse i grunnen. Dette er kostnadsrekna til 1.200.000,-

## 14 BRANNVERN

Valdres brann- og redningstjeneste IKS er et interkommunalt selskap som eies av kommunene Etnedal, Sør-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang. Selskapet ble stiftet 1.1.2018 og kjøpte bygninger og utstyr fra eierkommunene ved lånefinansiering.

Deltagerkommunenenes eierandel i selskapet er fastsatt slik;

|                       |     |
|-----------------------|-----|
| Vang kommune          | 15% |
| Vestre Slidre kommune | 20% |
| Øystre Slidre kommune | 25% |
| Sør-Aurdal kommune    | 25% |
| Etnedal kommune       | 15% |

Vang kommune sin del av driftsbudsjettet i Valdres brann,- rednings- og feiarvesen er 3 057.300 som er ei auke å 1,82% i forhold til 2019.

---

## 15 VATN, AVLØP OG RENOVASJON

### 15.1 Produksjon av vatn

Vassinntak, filtrering/reinsing og vassprøver.

#### Tyinkrysset

Vasskapasiteten til Tyinkrysset vassverk er sprengt. Bygging av det nye vassverket er i gang, men for å etterkomme søknader om umiddelbare tilkoplingar kan det bli behov for ekstraordinære tiltak påska 2020.

Rammeplan VA Tyinkrysset er revidert i forbindelse med kommunedelplan, fullstendig oppdatering av rammeplanen er venta utført i 2020.

Nytt vassverk (etappe 2a) vil gje høve til 75 nye tilkoplingar i øvre trykksone og full dekning for masterplan i nedre trykksone. Høgdebasseng ved Grøvtølen (etappe 2b) vil sikre kontinuerleg vassforsyning i nedre trykksone ved straumbrot. Denne etappen er naudsynt for vassforsyning til Synhaug. Etappe 2c vil gje alle abonnentar vatn frå nytt vassverk med tilstrekkeleg kapasitet til alle utbyggingsområde i masterplanen. Total pris for utbygginga er stipulert til 45 mill.kr.

#### Ryfoss

Utviding av Ryfoss bustadfelt vil kreve ombygging av vassverket og nytt høgdebasseng. Ein del av den totale kostnaden blir dekkja av sjølvkost .

#### Distribusjon av vatn

Pumpestasjonar, høgdebasseng, leidningsnett og gebyr for vassforsyning.

#### Tyinkrysset

Leidningen over Otrøvatnet har avgrensa kapasitet. Utbygging ved Nystuen og tilknytning av eksisterande fritidsbustader i Varden utløyser behov for auka kapasitet. I staden for å bygge høgdebasseng kan det bli billigare å legge ein ny fjordleidning. Dette må vurderast nærare.

Rammeplan VA for Tyinkrysset viser korleis dei tekniske utfordringane kan etterkomast. Det er viktig at denne planen blir lagt til grunn ved framføring av nye VA-anlegg.

#### Vang

Vang vassverk forsyner sentrumsområde, bustadfelt og nokre spreide bustader / gardar. Vassverket vart oppgradert i 2010/2011 og leverer tilstrekkeleg og godt vatn. Både potensialet og etterspørselen for å utvide leidningsnettet i Vang er til stades, kommunen har ved to anledningar motteke skriftlege spørsmål om tilkobling til kommunalt VA nett.

- Sumaren 2018 var det særdeles lite nedbør. Nivået på grunnvatnet sank og dette skapte utfordringar for fleire bebuarar som ikkje er tilkobla kommunalt VA. Som ei følge av dette mottok kommunen eit brev signert 11 februar i området sørre Bø/Klukkargarden som ynskjer å koble seg til kommunalt VA.
- I samband med utviklinga av «Fjellheim» vart det sendt inn ei liste med underskrifter frå naboar som kunne tenke å koble seg til kommunalt VA.

Vang vassverk spelar også ei sentral rolle i andre utviklingsprosjekter.

- Vang kommune har opplevd fleire driftsutfordringar med vasskvalitet og vasskapasitet ved vassverket på Haugastølen. På sikt vil dette skape utfordringar for utviding av hyttefelt som skal tilknyttast. Ein rapport frå Norconsult fastslår at

kommunedelplanområdet Grindafjell kan bli forsynt frå Vang vassverk, ei løysing VA avdelinga tilrår. Innafor kommunedelplan Grindafjell er det også krav om utarbeiding av rammeplan VA, dette har så langt ikkje blitt utført.

- Sentrumsplanen: Sentrumsplanen vil utløyse auka behov for drikkevatn og sløkkevatn, om det blir regulert areal til bygg der sprinkelanlegg er påbudt, så vil kravet til sløkkevatn vera særdeles høgt. Det blir også stilt spørsmål rundt kapasiteten til sløkkevatn for dagens bebyggelse der det er sprinkelanlegg.
- Bustadprosjekt i området Klukkargarden, Helinvegen og Fjellheim er og potensielle område som bør vurderast om dei er aktuelle for kommunalt VA, dersom utbygging blir realisert.
- Sjølv om Vang vassverk leverer vatn av god kvalitet så er det registrert utfordringar med høgt innhald av jern og mangan. Eit rensetrinn for fjerning av jern og mangan vil krevje prosjektering og utstyr. Antatt kostnad 400 000 kr

Alt i alt er det stor aktivitet og etterspørsel knytt opp mot Vang vassverk og Grindaheim reinseanlegg. Rammeplan VA ( 2020) vil syne dei ulike etappane for å få full dekning på kommunalt VA i Vang sentrum. Prioriterte etappar er sørre Bø/ Klukkargrende bustadfelt, Fjellheim Panorama og kommunedelplanområdet Grindafjell. Rammeplan VA vil syne dei ulike kostnadane, men ein kan sjå for seg ein stad på mellom 5 mill og 25 mill kr for kvar etappe.

Steintræet bustadfelt har vore utan vatn ved fleire høve, bebuarane har sendt klage til Vang kommune. Ei ombygging av høgdebassenget er naudsynt for å løyse problemet. Stipulert kostnad – 100 000 kr.

Fleire av vasskummane i Vang er i dårleg forfatning, ein må pårekne å etablere nye kummar for å oppretthalde funksjon. Stipulert kostnad pr kum 150 000 kr.

## **Raudalen**

Øystre Slidre kommune driftar leidningsnettlet til Vang kommune i Raudalen, nye utrekningar utført av Norconsult for Øystre Slidre, viser at sløkkevasskapasiteten ikkje er tilstrekkeleg. Areal+ på vegne av Tinde Hytter utarbeider rammeplan VA for området, med tilhøyrande kostnadsoverslag.

## **15.2 Avløpsreinsing**

### **Mål og viktige planar**

- Drive anlegga etter gjeldande lover og forskrifter, og overhalde krava i utsleppsløyva.

### **Åsvang**

Reinseanlegget har store luktproblem, byggemåten gjer at tiltak for å redusere lukt vert kostbart. Det bør utarbeidast ein plan for utbetring, også med tanke på skifte av filtermedie.

### **Grindaheim**

Grindaheim reinseanlegg vart bygt i 1982 og vert snart 40 år gammalt. Anlegget ber preg av tidas bruk, det er mykje slitt utstyr, anlegget har dårleg inneluft og arbeidsoppgåver som inneber fare for fall og tunge lyft. Ein tenkt framdriftsplan for enten nybygg eller rehabilitering av Grindaheim reinseanlegg er: Planarbeid i 2021, prosjektering/kontrahering i 2021/2022 og bygging i 2023. Det haster spesielt med ny avvatningsmaskin, stipulert kostnad 1,1 mill.

---

## **Ryfoss**

Reinseanlegget i Ryfoss er tidkrevjande å drifte. Ombygging av transport for ristkods vil gjera drifta av anlegget enklare. Stipulert kostnader 175.000 kr.

## **15.3 Avløpsanlegg**

Pumpestasjonar, leidningsnett og avlaupsgebyr.

### **Raudalen**

Det er eigne satsar for vatn og avlaup i Raudalen, for den delen som blir knytt til vass- og avlaupsleidningane i Grønolen i Øystre Slidre. I følge utbyggingsavtalen skal Øystre Slidre sine satsar leggjast til grunn.

### **Tyinkrysset**

Ein del av avlaupsleidninga langs vegen frå Gudbrandslie til Gamlestøgoegen har dårleg fall og svankar. Leidninga går ofte tett og er eit krevjande vedlikehaldspunkt. Stipulert kostnad for utbetring 300 000 kr

### **Alle pumpestasjoner**

Fleire stasjonar krev utbetring av styring og elektronikk. Vang kommune har inngått ny avtale med leverandør av driftskontrollanlegg, ein plan for utskifting av gammal elektronikk skal utarbeidast og ein må pårekne om lag 100 000 kr pr stasjon.

### **Bil**

Driftsoperatørane treng ein ny pickup. Stipulert kostnad 500 000kr

## **15.4 Tøming av slamavskiljarar, septiktankar o.l.**

Slamplan for Valdres har oversikt over rammevilkår for behandling av avlaupsslam og moglegheiter for bruk av slam.

Det er inngått ny avtale på inntransport av septik med firmaet Stoklands.

## **15.5 Hushaldningsavfall**

Oppsamlingsordningar, innsamling/henting, sortering, attvinning, forbrenning, deponering og renovasjonsgebyr – knytt til sjølvkostområdet for hushaldsavfall.

Vang kommune er tilslutta Valdres Kommunale Renovasjon IKS (VKR). Ordninga skal vera sjølvfinansierande, og kommunane står for avgiftsinnkrevjinga.

VKR har som mål å minimalisere avfallsmengdene i Valdres, og å behandle avfallet på ein mest mogleg tenleg og miljøvenleg måte.

VKR har ei ordning for innsamling av landbruksplast, og det er høve til å seie frå om henting. Rutene blir køyrt i sommarhalvåret når så mange har meldt frå at ein reknar med at det er lass i eit område.

### Vesentlege endringar frå 2019 til 2020 – Drift

Høgare utgifter må påreknast som følgje av eit større vedlikehaldsbehov på vasskummar og pumpestasjonar i åra framover.

| <b>Tiltak som er med i økonomiplanen – drift</b> | <b>Kostnad</b> | <b>År</b> |
|--------------------------------------------------|----------------|-----------|
| Rammeplan VA Vang sentrum                        | 130 000 kr     | 2020      |
| Ombygging Ryfoss RA                              | 175 000 kr     | 2020      |
| Ny avløpsleidning Gudbrandslie                   | 300 000 kr     | 2020      |
| Nye Vasskummar                                   | 150 000 kr     | 2020      |
| Vedlikehald avløpspumpestasjonar (PLS)           | 100 000 kr     | 2021      |
| Steintræet. Ombygging høgdebasseng               | 100 000 kr     | 2020      |

### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

| <b>Tiltak</b>        | <b>Kostnad</b> | <b>År</b> |
|----------------------|----------------|-----------|
| Bil (Pickup)         | 500 000 kr     | 2020      |
| Vassverk Tyinkrysset | 15 000 000 kr  | 2020      |
| Vassverk Tyinkrysset | 10 000 000 kr  | 2021      |
| Vassverk Tyinkrysset | 10 000 000 kr  | 2022      |

|                                               |                     |             |
|-----------------------------------------------|---------------------|-------------|
| <b>Rehabilitering Grindaheim reinseanlegg</b> | <b>1 100 000 kr</b> | <b>2022</b> |
|-----------------------------------------------|---------------------|-------------|

### Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – drift

|                                       | <b>Kostnad</b> |
|---------------------------------------|----------------|
| Vaktordning for vatn- og avløpsanlegg | pr år 450 000  |
| Jern og manganfjerning Vang vassverk  | 400 000        |

### Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – investering

| <b>Tiltak</b>                                                         | <b>Kostnad</b> |
|-----------------------------------------------------------------------|----------------|
| Renovering av Åsvang RA                                               | 2,5 mill. kr   |
| Frømføring av kommunalt VA i Vang sentrum jamfør kommentar i tekstdel | 5,0 mill. kr   |

### Oppsummring

Det planleggjast fortsatt store investeringar innan området som etter kvart vil auke driftskostnadene. Med eit nytt reinseanlegg og snart eit nytt vassverk vil nok utgifta auke såpass at ein begynner å bruke av sjølvkostfonda. Eventuelle underskot vil bli dekkja av sjølvkostfond.

Lån knytta til sjølvkost utgjer per 05.11.2018: 39 315 000 kroner, og vil nok auke til ca. 41 000 000 ved utgangen av året. Det er planlagt investeringar på tilsaman 38 000 000 kroner til i perioda 2019 – 2022. Per 2018 utgjer lån til sjølvkost 26% av låna som kommunen har.

---

## 16 KULTUR OG MILJØVERN

### 16.1 Naturforvaltning og friluftsliv

Koordinering av miljøvernarbeid, vedlikehald av turstignettet, utbetring og vedlikehald av kongevegen, fisk- og viltforvaltning, biologisk mangfald, regionale og lokale miljøvern-oppgåver og drift av Klokkehaugen. Somme friluftslivstiltak er knytt til idrett og kulturvern, og står oppført under funksjonane 380 og 385.

Lokale miljø- og naturvernoppgåver treng tverrsektoriell innsats. Etatssjefen er koordinator for miljø saker.

Kommunen vil i samarbeid med beitelaga og det kommunale fellingslaget arbeida for gode rutinar ved fellingsforsøk av rovvilt.

#### Mål og viktige planar

- Vang kommune har slutta seg til **Lokal agenda 21**. Dette inneber m a. å arbeide for
  - at all aktivitet i lokalsamfunnet skal skje innafor naturen sin bereevne
  - berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar.
- Kommunane har ansvar for å tenkje tverrsektorielt for god **folkehelse**, jf. folkehelselova. Kultur og friluftsliv har gjennom mange år vore eit prioritert innsatsområde for Vang kommune og er med på å utvikle folkehelse på ein god måte. Desse innsatsområda inngår også i folkehelseplanen for Vang kommune.

#### Budsjettmerknadar

**Kongevegprosjektet** vart avslutta i 2016, men for Vang sin del står det framleis att nokre uløyste oppgåver. Vidare arbeid med skilting og utbetring av ulike parsellar vil vera eit fokusområde i 2020.

Det er viktig at kongevegarbeidet ikkje fortrenger det årlege vedlikehaldet av turstinettet. Dei ca. 300 km med merka turstig som blir marknadsført i turhandboka og no også på nett og er ei merkevare som Vang kommune må vedlikehalde og stadig forbetre. God søknadmasse til jobbane som tursti- og kongevegstryddarar i 2019, gjorde at ein fekk tilstrekkeleg med arbeidadar til å gjera naudsynt vedlikehaldsarbeid. Outtt fekk eit tilskot i 2019 til å vidareutvikle appen til glede for både fastboande og turistar.

**Viltfondet**, som har inntekter frå fellingsavgifter frå felte elg og hjort, dekkjer utgifter til ettersøk etter skada hjortevilt. Herifrå blir det og gjeve tilskot til driftsplanlaget for hjortevilt og til andre vilttiltak.

Fellingsavgifta for hjortevilt blir regulert frå Miljødirektoratet kvart år. Kommune kan vedta fellingsavgifta for kvar enkel art.

#### Maksimalsat for fellingsavgift jaktåret 2018/2019

|                              |        |
|------------------------------|--------|
| Fellingsavgift elg, voksen   | 537 kr |
| Fellingsavgift elg, kalv     | 316 kr |
| Fellingsavgift hjort, voksen | 411 kr |

|                            |        |
|----------------------------|--------|
| Fellingsavgift hjort, kalv | 249 kr |
|----------------------------|--------|

**Skotpremie:** I 2013 vart det innført skotpremie på kråke, ravn, skjære, røyskatt, mink, mår og rev. Denne ordningar har vore positiv og er eit spleiselag mellom grunneigarlag og sameigar i Vang kommune.

I starten var det liten aktivitet, medan dei siste 2 åra har interessa for dette auka. I 2019 måtte det til tilleggsbevilgningar. Det er sendt ut krav om innbetaling frå grunneigarlag og sameigar i 2019, der pr d.d er 46 lag har betalt inn kr 1000 for dei siste 5 åra. Skal kommunen fortsatt ha ordningen for skotpremie må budsjettposten her vera kr 40 000.

#### Oversikt over antall felt og utbetalt til skotpremie –frå 2015 -2019

| Art:        | Kråke: | Ravn | Skjære | Røyskatt | Mink: | Mår | Rev: | Utbetalt |
|-------------|--------|------|--------|----------|-------|-----|------|----------|
| 2015        | 53     | 7    | 32     | 1        | 3     | 3   | 23   | 13500    |
| 2016        | 59     | 5    | 15     |          | 1     |     | 57   | 28850    |
| 2017        | 10     | 6    | 22     |          |       | 2   | 64   | 21700    |
| 2018        | 119    | 3    | 72     |          |       |     | 56   | 32100    |
| 2019        | 101    | 2    | 60     | 1        |       |     | 133  | 61290    |
| Pr 1.8.2019 |        |      |        |          |       |     |      |          |

#### Lov om folkebibliotek har følgjande formål:

*Folkebibliotekene skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.*

#### Mål og viktige planar for Vang folkebibliotek:

- Biblioteket vil formidle ulike kulturelle uttrykk med hovudvekt på litteratur og gje innbyggjarane gode litteraturopplevingar gjennom forfatterbesøk og andre arrangement.
- Biblioteket vil samarbeide aktivt med skulebiblioteket der det er naturleg. I den samanheng er det eit mål å invitere kvart trinn frå 1 – 7 kl. til forfatterbesøk eller anna arrangement på biblioteket ein gong i året, eller vere vert for litterære arrangement i den kulturelle skulesekken. Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2030; *Rom for demokrati og dannelse*, legg vekt på formidling og samarbeid mellom skule- og folkebibliotek. Vang folkebibliotek vil søke pengar frå Nasjonalbiblioteket til desse områda.
- Biblioteket vil fordjupe kontakten med barnehagane og skape meir leselyst og interesse for bøker ved å aktivt formidle bøker til og i barnehagane. Biblioteket skal halde fram med faste invitasjonar til arrangement i haust- og vinterferie retta mot barn i barnehagealder i tillegg til Bokleik for skulestartarane om våren.

- 
- Biblioteket vil samarbeide med høgskular og universitet, og gi studentane god tilgang til relevant litteratur. Biblioteket ønsker å heve kompetansen for søk etter relevant litteratur i Universitets- og høgskule databasen Oria og legge vekt på kvalitetsikring.
  - Biblioteket vil halde fram med tilbodet med depot frå *Det flerspråklige bibliotek* og oppretthalde tilbodet om litteratur på mange språk. Biblioteket vil halde fram med bokdepot på Joker Filefjell og utvikle samarbeid med Joker Ryfoss med *Bok i butikk*. Biblioteket vil og lage eit depot på Vangsheimen.
  - Biblioteket står i samarbeid med kunstutvalet ansvarleg for den årlege Haustutstillinga og har no starta eit arbeid med å registrere og fotografere kunst i kommunen, som vil halde fram neste år.
  - Tileigne seg og formidle vidare kompetanse innan den digitale verda. Opprette eit fast lågterskeltilbod på biblioteket innan digital kompetanse: DIGIHJELP. Biblioteket vil ha ansvaret for å halde fram med ei permanent tilbod for digital rettleiing, i samarbeid med frivilligsentral og kommuneadministrasjon. Det er ein del av biblioteket si oppgåve å fremje ytringsfridom og demokrati. Digital kompetanse og kjeldekritikk er viktige tiltak for demokratibygging. Ein føresetnad er at det er to på jobb i biblioteket dei to timane som tenesta er open for publikum.
  - Opparbeide gode lokale samlingar og vere synlege medspelarar i aktuelle lokale nærings- og kulturtiltak. Basisregistrering av fotografi i Vang historiske biletsamling er no ferdig, men vil halde fram med rettingar og skanning/registrering av nye fotografi som kjem inn.
  - Samarbeide med frivilligsentralen andre kulturaktørar i kommunen for å gje innbyggjarane i Vang spennande kunst- og kulturopplevingar. og bidra i arbeidet med å fremje integrering, bulyst og trivsel. Vere ein sosial møteplass og «lågterskeltilbod» til alle som bur i bygda, som inkluderer aktiviteter for barn som t.d. laurdagsaktivitetar, sommarfritidsklubb og leksehjelp.
  - Biblioteket er ikkje nøgd med nettsida si og vil jobbe mot å få laga ein ny. Det er eit ønske om å få til ei nettside som i større grad syner biblioteket sitt innhald og tenester.  
Det er ein fin måte å formidle biblioteket/biblioteknorge sine digitale samlingar og vere ein motkraft mot falske nyheter, rykter og propaganda. Jmf. Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023.

Skulebibliotek er lovfesta gjennom Opplæringslova §9-2: «Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.»

I Vang er skulebiblioteket lokalisert til Vang-barne og ungdomsskule. Skulebiblioteket samarbeider med folkebiblioteket der det er naturleg.

Vang barne- og ungdomsskule har som mål om å skape ein kultur for lesing. Her har skulebiblioteket ei sentral rolle, noko som er formulert slik i skulen sin leseplan:

Skulebiblioteket er ein viktig arena for litteraturutveksling og skal nyttast jamleg i opplæringa. Det settast opp ein timeplan som gir alle klassene fast lånetid på skulebiblioteket, slik sikrar

ein også at elevane til ei kvar tid har ei bok tilgjengeleg, slik at elevane alltid har ei bok å lese i.

Skulebibliotekaren er ein del av skulens pedagogiske personale, og er ein pådrivar i fokuset på lesing. Bibliotekaren:

- samarbeider med lærarane om innhaldet i leseplanen
- finn fram egna litteratur under leseaksjonane
- tek imot klassane når dei har bibliotektid
- rettleier og tipsar elevar og lærarar for å finne rett bok til rett elev til rett tid.
- held bokpresentasjonar for elevar og for lærarar
- har ansvar for bibliotekassistentane frå 6 + 7.klasse
- forvaltar skulebiblioteket sine ressursar slik at ein har godt utval av freistande, ny litteratur
- sørger for ei god organisering av boksamlinga
- formidlar betyding av lesing på foreldremøte i 1. , 4. og 7. klasse

## 16.2 Kino

### Mål og viktige planar

Gje innbyggjarane i Vang eit kinotilbod med best mogleg kvalitet.

Bygdekinoen har filmframsyningar i Vang, i auditoriet på VBU. Ei gruppe med gode frivillige, lokale hjelparar er viktig for å halde dette tilbodet i gang. Dei skal ha stor ros for innsatsen.

## 16.3 Museum , samlingar og kulturvern

Tilskot til museum og samlingar, kulturvernarbeid, lokalhistoriske publikasjonar, bygdebøker og stadnamn. Saman med dei andre Valdreskommunane betaler Vang kommune driftstilskot til Valdresmusea.

## 16.4 Kunstformidling

Tilskot til kunstnarleg verksemd på profesjonelt nivå, og formidling av slik verksemd: Scenekunst, song/musikk, biletkunst, kunsthåndverk, film, kunstmuseum/-galleri, kulturbasert næring mv. Her inngår tilskot til konsertar, utstillingar og andre arrangement.

## 16.5 Mål og viktige planar

Ta initiativ til og støtte opp om kulturarrangement som kan gje innbyggjarane i Vang konsert-, teater- og kunsttilbod ut over det som kan skapast med egne krefter.

Det er viktig med tilskotsordningar som stimulerer til aktivitet. Kulturtilbod er ein viktig trivselsfaktor, og for små kommunar er det ei utfordring å dekkje mangfaldet av kulturelle opplevingar. Kulturaktivitetar er eit viktig "bindemiddel" i lokalsamfunnet, og blir lagt vekt på ved val av buplass. Tilskot til enkeltarrangement utløyser ofte stor frivillig innsats.

---

## 16.6 Idrett

Idrettsaktivitetar, offentleg bading, tilskot til idrettslag og til anlegg for idrett og friluftsliv.

Overordna mål med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2019-2022 er å bidra til auka fysisk aktivitet for alle i kommunen, m.a. gjennom god tilrettelegging for "lågterskel-aktivitetar" og eigenorganisert fysisk aktivitet.

I økonomiplanen er det årleg avsett 140 000 kr til driftstilskot til idrettslaga, inntil 30 000 kr til idrettsstipend for ungdom, 150 000 kr til idrettsanlegg og div. nærmiljøtiltak, 7 000,- til sommarhjelp på Tveit stadion og ca. 45 000 kr til offentleg bading.

## 16.7 Kulturskule

### Mål og viktige planar

- Praktisk og teoretisk opplæring i ulike kulturaktivitetar.

I økonomiplanen er det lagt inn forventet stabil elevsøknad. Kulturskulen held til i flotte lokalar tilknytta VBU og Vangshallen.

Kulturskulen ønskjer å vera eit senter for kulturtilbod for bebuarane i Vang kommune. Inna musikk ønskjer kulturskulen å ta vare på dei historiske tilknytingar me har i forhold til folkemusikk, samtidig som ein og tek vare på det klassiske og rytmiske uttrykket i musikken. Skulen ønskjer og å serve tilbod som showdance, teater, teikning og foto. Skulen har som mål å forsyne dirigenttenester til kor og korps i kommunen, og vil i 2020 oppretthalde dagens nivå på tilbodet til kor og korps på dette feltet.

Eventuelle nye aktivitetstilbod må gjennomførast innafor gjeldande budsjettamme, og det er lagt inn ei lita auke for å opprette eit tilbod på teater og innan torader. Brukarbetalinga blir auka med 3,6 pst.

### Andre kulturaktivitetar

Kulturaktivitetar og tiltak i kommunal regi og tilskot til aktivitetar, markeringar og ulike tiltak i dei frivillige laga. Løn til kulturkonsulent i ca. 40 pst. stilling ligg også her.

### Mål og viktige planar

- Stimulere til aktivitet i dei frivillige organisasjonane, og støtte tiltak og arrangement med lokale utøvarar.
- Vang skal framstå som ein reiselivskommune der bygda si historie, byggjeskikk, kultur-landskap, natur, atmosfære og miljø blir ivareteke på beste måte.

### Tiltak :

- Rydding og skilting av gamle ferdslveggar og andre kulturminne
- Tilskotsordning for ivaretaking av gamle bygningsmiljø
- Tilskotsordning for forskjønning og trivselstiltak
- Tilskot til song- og musikkorganisasjonane i kommunen
- Vang kommune har ansvar for vedlikehald av kvernhusa ved Leineåne, Vinjebue på Eidsbugarden og stølsmuseet i Liabø. Desse anlegga har stor historisk verdi og er ein viktig ressurs. Hus og landskap må takast godt vare på, og til det trengst årlege midlar til istandsetjing og vedlikehald.

- Stimuleringstiltak for lokal byggjeskikk
- Tilskot til lokale vernetiltak
- Tilskot til kulturarrangement

**Vinjerock** er ført opp med årleg tilskot på 300 000 kr. Desse midlane er viktig for å utløyse andre offentlege tilskotsmidlar til arrangementet. Selskapet har vedtektsfesta forbod mot utbyte, men etaten vil tilrå kommunestyret å gjera ei vurdering av dette tilskotet i løpet av økonomiplanperioden. I samband med innsparings- og effektiviseringsprosjektet, bør storleiken på tilskotet vurderast redusert i samsvar med eventuelt andre innsparingar på kulturfeltet. Årleg søknad om tilskot og rapportering ligg til grunn for vurderingane frå og med 2018.

**Torpe skule:** Krinsen får i 2020 eit tilskot på 25 000 kr for å dekke delar av utgiftene til drift og vedlikehald.

## 16.8 Vang frivilligsentral

Frivilligsentralen er organisatorisk lagt til etat for oppvekst, kultur og integrering. Dagleg leiar er tilsett i heil stilling.

Frå og med 2017 vart statstilskotet overført direkte til kommunen. Tilskotet blir trappa opp i fireårsperioden for å styrke sentralane og kompensere for midlar til kompetanseutvikling, som før vart tildelt regionane.

Frivilligsentralen har eige styre. Hovudutval for levkår er årsmøte, og vedtek handlingsplan, årsmelding, innkomne framlegg samt val av styre og valkomité.

### Mål og viktige planer

- Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang
  - Halde fram med lekseklubb, øvingskøyring, middagsservering på Utsikten og ei rekke andre tilbod og aktivitetar.
- Vere ein sosial møteplass på tvers av alder, bakgrunn og interesser.
  - Faste opningstider der publikum kan sitte og lese, låne pc, scanne, printe og spele spel eller drive med andre aktivitetar. Med utlånsautomat i biblioteket kan dei også låne bøker, sjølv om biblioteket ikkje er bemanna.
  - Samarbeide med mellom anna biblioteket om å gje innbyggjarane i Vang spanande kulturopplevingar, kurs, foredrag, sosiale arrangement osv.
  - Gjere utbetringar på skillevegg/dør mellom galleri og lokalavdeling, som betrar forholda når vi har mange publikummarar på arrangement.
- Vere ein støttespelar for frivillige lag og aktivitetar i kommunen
  - Arrangere fotballturnering, #VÅRTNABOLAG, mangfaldsprosjektet på Vinjerock, fleirkulturelle festar osv. i samarbeid med ulike aktørar.
- Auke det eksisterande tilbodet der det er behov
  - Samarbeide med biblioteket om å få på plass eit tilbod om digihjelp for folk som har utfordringar med digitale verktøy.
  - I samarbeid med fleire andre instansar få på plass ein utstyrssentral
- Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

### Hovudmålgrupper og satsingsområde

- Eldre og hjelpetrengande – tilbod som bidreg til at dei kan bu og trivast heime lenger.

- Asylsøkjalar – integrering, aktivisering og informasjon.
- Tilflyttarar – tilbod som aukar bulyst og trivsel i kommunen.
- Barn og unge – tilbod som bidreg til at dei føler seg som ein del av eit fellesskap.
- Dei som av ulike grunnar fell utanfor dei etablerte frivillige aktivitetane – støtte opp om initiativ/vere pådrivar for dei som ynskjer å bidra.

## 16.9 Kulturbygg

Drifta av dei tre samfunnshusa er stramt budsjettert. Dette er viktige lokale for ulike kulturaktivitetar i alle delar av kommunen.

Større vedlikehaldsarbeid blir dekkja av Landbruk/Teknisk sine midlar til vedlikehald av kommunale bygg.

## 17 KYRKJA

I budsjettet for 2020 er det tatt høgde for 3 % løns og prisauke. Det er ikkje lagt inn auke i aktiviteten i 2020, men heller ikkje reduksjon i aktivitetane innan trusopplæring. Festeavgift på kyrkjegardane i 2020 blir kr. 220 pr. år. Budsjettet tek høgde for fellesrådet sin søknad om overføring på 2.678.000 kr i 2020.

Soknepresten og trusopplærarane held fram det gode trusopplæringsarbeidet med mange gode tiltak som passar aldersgruppene 0-18 år. Nokre tiltak er godt innarbeidd og held fram som før, medan andre bytast ut med nye og betre tiltak. Fellesrådet får tilskot frå bispedømet for døypte og tilhøyrande medlem. Staten pliktar å gje religionsundervising til alle som tilhøyrer ein religion. Kyrkja har fått denne oppgåva frå staten og med oppdraget følger ca. kr. 400 pr. medlem (0-18 år) pr. år.

Kyrkja jobbar med universell utforming. Arbeidet med å ta ut eller dele benkar i kyrkjene fortset i Øye og Vang.

### Kyrkjegardar

Reguleringsplan Øyebakkin Reguleringsplanen vart vedteken i september 2018, og det var eit stort og viktig framsteg i saka. Soknerådet og fellesrådet meiner det er gjort eit godt arbeid med planen og at vi no får gode løysingar. Råda set og stor pris på det gode samarbeidet med kommunen, og ser fram til at arbeidet kan starte i 2020.

Det er i investeringsbudsjettet for 2020 lagt inn 2,9 mill i investeringsmiddel til utviding av kyrkjegarden ved Øye kyrkje. Det er også lagt i føresetnad om investering på 7,3 mill i slukkevatn i Øye.

### Tilskot til livssynsorganisasjonar.

I Vang er 98 personar tilslutta andre truomssamfunn enn Den norske Kyrkja. Kommunen skal gje årleg tilskot til desse truomssamfunna på same nivå pr. medlem som blir brukt til Den norske Kyrkja.

## 18 SKATT OG RAMMETILSKOTT

Inntekter frå skatt på inntekt og formue for 2020 er budsjettert med 43,3 mill kr og naturressurskatt med 6,4 mill kr. Dette er i tråd med statsbudsjettet for 2020. Rammetilskott er budsjettert med 75 mill kr for året 2020.

Eigedomsskatt på verk og bruk er ført opp med 6,1 mill. kr. Ein mindre del av denne inntekta kan kommunen påverke ved lokal taksering av nokre verk og bruk (ikkje vasskraftanlegg).

## 18.1 Statstilskott flyktninger

- Generelt integreringstilskot: 1,9 mill. kr
- Vertskommunetilskot til helse, barnevern, tolk og administrasjon: 3,7 mill. kr
- Tilskot til bufellesskapet for einslige mindreårige 4,9 mill. kr

## 18.2 Renter og avdrag på lån

Pr. 01.01.2019 hadde Vang kommune 156 mill kr i eksterne lån. Låneopptak i 2019 blir i størrelsesorden 10 mill kr.

Det er budsjettet med å ta opp nye 44,8 mill kr i lån i 2020 for å dekkje inn investeringar derav 15 mill relatert til sjølvkostområdet vatn og avløp.

Det er budsjettet renteutgifter på 5 mill kr og avdragsutgifter på 7,5 mill kr i 2020 som er ei auke på henholdsvis 1,5 mill i renter og 1,7 mill i avdrag i forhold til 2019.

Renteinntekter er årleg sett til 1,1 mill. kr på bankinnskott og fond, og 700 000 kr for ansvarleg lån til Vang Energiverk.

### Vesentlege endringar frå 2019 til 2020– Drift

| Tiltak                               | Endring i forhold til budsjett 2019 |
|--------------------------------------|-------------------------------------|
| Skatteinntekter, auke 3,3 %          | 1,4 mill kr                         |
| Rammetilskot, auke på 8,6 %          | 6,0 mill kr                         |
| Reduksjon i statstilskot flyktninger | 1,7 mill kr                         |
| Netto finans, auke i utgift          | 3,2 mill kr                         |
| Redusert bruk av næringsfond i drift | 1,7 mill kr                         |

## 19 INVESTERINGAR

Investeringsbudsjettet for 2020 er oppført med 57.977.000 i brutto investeringsutgifter. Dette er føresatt finansiert med 12.410.000 kr i momskompensasjon, spelemiddel og tilskott frå Riksantikvaren og lånefinansiering på 44.792.000 kr og bruk av næringsfond på 775.000 kr.

I økonomiplanperioden 2020-2023 er det lagt opp til investeringsutgifter på 109.152.000 kr.

Nye tiltak som ikkje var med i tidlegare års økonomiplaner utgjør 3.122.000 kr i 2020 og 7.500.000 i 2022.

Av investeringsbudsjettet for 2020 inngår 35.585.000 kr i investeringsmidlar frå 2019.

### Dei største investeringane i økonomiplanperioden :

- utbygging av Ryfoss bustadfelt på 15 mill i 2020 og 5 mill kr i 2021
- utbygging / utvikling av bueiningar Vang sentrum på 1,1 mill i 2020 , 5 mill i 2021 , 7 mill i 2022
- investering i sløkkevatn i Øye på 7,3 mill i 2020

**Nye tiltak som ikkje tidlegare har vore med i kommunen sin økonomiplaner :**

|    | <b>Prosjektnavn</b>                     | <b>2020</b>      | <b>2022</b>      | <b>2020-2023</b>  |
|----|-----------------------------------------|------------------|------------------|-------------------|
| 1  | koding programering skuler              | 110 000          |                  | 110 000           |
| 2  | VBU inventar                            | 215 000          |                  | 215 000           |
| 3  | Konsertpiano                            | 120 000          |                  | 120 000           |
| 4  | IHT velferdsteknologi                   | 285 000          |                  | 285 000           |
| 5  | IHT Vaskemaskin og tørketrommel         | 182 000          |                  | 182 000           |
| 6  | Teknisk bil driftsoperatør              | 500 000          |                  | 500 000           |
| 7  | Vang vassverk - tilbygg                 | 400 000          |                  | 400 000           |
| 8  | VA nye bustadfelt Vang sentrum og omegn |                  | 5 000 000        | 5 000 000         |
| 9  | Asfaltering bustadfelt                  | 1 200 000        |                  | 1 200 000         |
| 10 | Grasklypper kommunehuset                | 110 000          |                  | 110 000           |
| 11 | Åsvang ra                               |                  | 2 500 000        | 2 500 000         |
|    | <b>sum nye behov</b>                    | <b>3 122 000</b> | <b>7 500 000</b> | <b>10 622 000</b> |


| Prosjektnavn                               | Budsj 2019        | overf frå 19      | 2020 inkl ovf frå 19 | 2021              | 2022              | 2023             | 2020-2023          |
